40 øyre.

GAMALNORSKE BOKVERK

UTGJEVNE AV

DET NORSKE SAMLAGET

6.



SOGA

UM

VATSDØLERNE

UMSETT FRAA GAMALNORSK

VED

JØRGEN REITAN



OSLO
DET NORSKE SAMLAGET (LANDSMAALS-LAGET)
1909

SOGA


UM

VATSDØLERNE

UMSETT FRAA GAMALNORSK

VED

JØRGEN REITAN



OSLO
DET NORSKE SAMLAGET (LANDSMAALSLAGET)
1909

Johansen & Nielsens prenteverk.

FYREORD.

Soga um Vatsdølerne er venteleg til-vorti ikring 1250 eller litt seinare; men dei veit ikkje kven som hev skrive boki. Fyrst paa 1600-talet fanst det tvo pergamenthandskrifter av boki. Av den eine finst berre eitt blad att. Den andre høyrde den danske professoren P. H. Resen til († 1688), og Árni Magnússon kalla boki Vatnshornsboki; etter dette namnet aa døma skulde ho vera komi fraa Vatnshorn i Haukadal paa Island. Vatnshornboki vart med i branden i 1728; men det finst fleire avskrifter paa papir av boki. Den beste av desse avskrifterne er vel den som Árni Magnússon og Þormóðr Torfason (Torfæus) lét Ásgeirr Jónsson taka nyst fyre branden. Denne avskrifti (og like eins nokre andre) finst no i den Arnamagnæanske samlingi i Kjøpenhamn.

Guðbrandr Vigfússon og Theodor Møbius hev gjeve ut Vatnsdœlasaga saman med nokre andre gamalnorske sogor (Fornsǫgur, Leipzig 1860), og den utgaava er det som her er lagt til grunn for umsetjingi.

Jørgen Reitan.

I.

Kjetill Raum heitte ein mann. Han var ein megtig mann og budde paa ein gard dei kalla Raumsdal i Nord-Norig. Han var son hans Orm Skeljamole, og Orm var son hans Rossbjørn, og Rossbjørn son hans Raum, og Raum son hans Jotun-Bjørn nordan fraa Norig.

I den tidi daa dette hende, var det fylkeskongar i Norig. Kjetill var ein namngjeten mann, rik og sterk, og rask i alle slag karsverk. Daa han var ung, hadde han fare i viking; men daa han vart gamall, heldt han seg paa gardarne sine. Han var gift med Mjoll, dotter hans Aan Bogespennar. Med henne hadde han ein son som heitte Torstein; han var ein staut kar aa sjaa til, men ikkje noko framifraa korkje i vokster eller evle, endaa han i framferd og dugleik var med dei likaste av deim som daa var unge; Torstein var 18 aar daa dette hende.

I den tidi tyktest folk verta var, at det maatte liggja røvarar paa vegen millom Jamtland og Raumsdalen (Romsdalen), med di ingen kom att av deim som fór den vegen, endaa det hadde vore ein 15—20 i lag; dei skyna soleis, at det maatte vera ein faarleg kar som var ute. Mennerne hans Kjetill bonde var minst ute for denne

ufreden, baade for manndraap og skade paa gods. Det vart mykje tal um dette; dei sa at han som var fyrste mann i bygdi, var ein klen kar, naar han ikkje fann paa noko mot slik stygg aatferd; han tok aat aa verta gamall, sa dei. Kjetill lest som han ikkje brydde seg um dette, men merka seg vel det folk sa.

II.

Det var ein gong at Kjetill sa aat Torstein, son sin: »Annarleis er aatferdi aat unge menner no enn daa eg var ung; daa traadde folk etter storverk, anten aa draga i herferd, eller aa vinna gods og æra der det var livsfaare. Men no hev dei unge vorte so heimekjære at dei berre vil sitja og baka seg attmed elden og fylla vombi med mjød og øl; av slikt vert ikkje folk modige og hardbalne; men eg hev vunne gods og æra, av di eg ikkje var rædd faare og hard strid mann mot mann. No hev du, Torstein, faatt lite baade av styrke og vokster, og daa vert vonleg all di framferd og alle dine tiltak deretter, so du vil ikkje skjotast paa forfederne dine; di ferd vil verta etter som du ser ut til — hugen fylgjer gjernast voksteren. Det var visi millom megtige menner, kongar og jarlar og likemennerne vaare, at dei laag i herferd og vann seg gods og heider, og det godset skulde ikkje gaa i arv fraa far til son; men det vart lagt i haugen saman med deim sjølve. Um no sønerne deira tok garden, kunde dei ikkje halda seg i sin stand — endaa dei kunde verta mykje vyrde — utan at dei og mennerne deira vaaga seg i faare og strid og vann gods og æra, og soleis gjekk i fotfaret aat frendarne sine, mann etter mann. No vonar eg at du er ukunnig i lovi

aat hermenner; so skal eg læra deg den. Du er no òg komen so pass til aars, at det kunde vera verdt aa sjaa kva lukka vil unna deg.«

Torstein svara: »Eggja hev du no, berre det skulde gjera mun.« Han stod upp og gjekk burt og var retteleg sint.

Millom Romsdalen og Upplandi er ein stor skog, som allmannvegen ligg yver. No torde ingen fara der for desse uvette dei trudde laag der, endaa ingen kunde segja det for visst. Aa raada bot paa dette tykte dei no var eit karsverk.

III.

Ei liti stund etter at far og son hadde talast med, gjekk Torstein ut einsaman fraa drikkelaget. Han tykte no det var likast aa lita paa lukka aat far sin og ikkje faa vondord av honom, men heller vaaga livet sitt. Han tok hesten sin og reid einsaman til skogs aat den ledi der han helst trudde aa finna illgjerningsmennerne; endaa han hadde liti von um framgang mot slik yvermagt som han trudde venta seg der, vilde han no heller vaaga livet sitt enn fara heim med ugjort ærend. Han batt hesten sin og gjekk so inn i skogen til han kom aat ein stig som førde burt fraa allmannvegen. Daa han hadde gaatt ei god stund, kom han inne i skogen aat eit stort vèlbygt hus. Torstein tyktest vita at dette huset høyrde honom til som gjorde vegarne utrygge, anten det no var ein eller fleire av deim. Sidan gjekk Torstein inn i huset og fann der nokre store kistor og mange gode ting. Der var eit stor lag med kløyvd ved, og paa den andre sida varor og sekkjer og fullt upp av alt slag gods. Der stod ei seng som var mykje større enn nokor seng som Torstein fyrr hadde

sét, og han skyna det maatte vera ein før kar som trong slikt rom; fint tjelda var ho òg. Paa eit bord var det lagt rein duk, og god mat og fin drikk var framsett; men Torstein røyvde ikkje noko av alt dette. Sidan leitte han seg eit gøymslerom, so ikkje han som budde i huset skulde verta var honom; han vilde fyrst sjaa kva kar det var, fyrr dei møttest eller talast med. Han kraup difor upp millom sekkjerne i varehaugen og sette seg der. Daa det leid paa kvelden, høyrde han ein sers dyn utanfor, og inn kom ein mann og leidde hesten sin etter seg. Mannen var overlag stor; han hadde kvitt haar, og det hekk i fagre lokkar ned yver akslerne, og Torstein tykte han var sers fin. Daa mannen hadde leidt hesten sin burt i stallen, kveikte han upp eld aat seg. Han fann fram eit vaskarfat og vaska seg og turka seg paa ein kvit duk. Han rende ein fin drikk or ein kagge og i ein stor kopp med stett, og tok so til aa eta. All aatferdi aat denne mannen tykte Torstein var merkeleg og svært høvisk. Han var mykje større enn Kjetill far hans, og *han* var no òg ein svær kar. Daa mannen var mett, sette han seg og stirde fram i elden, og so sa han: »Her er noko annarleis enn fyrr; det er meir falske paa elden enn eg tenkte. Det maa vera nokon som nyleg hev vore her og kveikt upp — korleis det no kann hanga ihop. Kanskje er det kome folk som lurer paa aa faa tak i meg; dei kann nok ha grunn til det; eg skal sjaa etter i huset.« So tok han seg ein brand og leitte og kom dit varehaugen var; men fraa varehaugen kunde ein koma inn i eit stort røykhol som var paa huset, og med illgjerningsmannen leitte, smatt Torstein ut, so han ikkje fann honom, — det var no ikkje so laga at Torstein skulde verta drepen her. Den andre leitte huset rundt tri gonger, men fann ikkje noko; daa

sa han: »Eg fær slaa meg til ro med dette; men uvisst kann det vera korleis det gaar; det kann gaa meg som dei segjer: den som ilt gjer, hev ilt aa venta.« Dermed gjekk han attende aat sengi og tok sverdet av seg. Torstein tykte det var eit overlag gildt sverd og fælt kvast, og hadde han berre havt det, skulde det ikkje ha vore nokor naud, tenkte han. Han kom no i hug korleis far hans hadde eggja upp honom og sagt at ein maatte vera trottug og djerv, naar ein skulde gjera slike eller andre storverk, og at han vilde faa æra og blanke pengar til løn, og at det vilde vera betre for honom enn aa sitja attmed elden hjaa mor si. Han kom òg i hug at far hans hadde sagt at han dugde ikkje meir til aa bruka vaapen enn ei dotter eller eit anna kvinnfolk, og at det vilde vera større æra for frendarne aa ha eit skard i ætti si enn aa ha honom. Slikt eggja Torstein, og han saag no um han kunde faa tak til aa taka hemn for alle valdsverki mot skuldlause folk, endaa han tykte synd i mannen. Daa mannen hadde sovna, gjorde Torstein litt styr, so han kunde sjaa kor hardt han sov. Mannen vakna og snudde seg paa den andre sida. Um ei stund prøvde Torstein ein gong til, og det var so mykje han vakna. Tridje gongen gjekk Torstein fram og slo hardt i sengstokken, og daa var alt stilt ikring honom. Sidan kveikte Torstein ljos og gjekk aat sengi og vilde sjaa um han var der. Torstein ser daa at mannen ligg der paa ryggen i gullsauma silkeskjorta og søv. Torstein drog sverdet og køyrde det i brjostet paa mannen, so han fekk eit stort saar. Mannen fór upp med det same og greip i Torstein og rykte honom upp i sengi aat seg; men sverdet stod i saaret, og so hardt hadde Torstein støytt, at odden stod ned i bolsteret. Mannen var naudsterk og lét sverdet staa der det stod, og Tor-

stein laag millom sengfjølerne og honom. Han som saara var spurde: »Kva er det for ein kar som hev teke paa meg?« Den andre svara: »Eg heiter Torstein og er son hans Kjetill Raum.« »Eg tykkjest vita namnet ditt fyrr,« sa mannen, »men minst hadde eg venta dette av deg eller far din; dykk hev eg aldri gjort noko mein, og no var du heller for snar enn eg for sein, for no var eg ferdig til aa fara burt og slutta med denne ugjerdi. Det staar no i mi magt um eg vil lata deg liva eller døy, og vilde eg gjera med deg som du hadde fortent, so skulde aldri møtet vaart verta spurt meir; men eg tenkjer det er likast at du fær liva; det kunde no verta til gagn det òg, um det fall seg so. Eg vil segja deg namnet mitt; eg heiter Jokul og er son hans Ingemund jarl i Gautland. Som andre stormanns-søner vilde eg vinna gods, men gjorde det paa ein hard maate, og no var eg budd til aa fara burt. Trur du no eg hev gjort deg nokor velgjerning daa eg unnte deg livet, so reis til far min; men sjaa fyrst til aa koma i tal med mor mi; ho heiter Vigdis; seg henne, naar de er einsaman, korleis dette hev gaatt til, og send henne ei kjærleg helsing fraa meg; bed henne at ho hjelper deg til aa faa fred og full venskap med jarlen, soleis at han gjev deg dotteri, ho Tordis syster mi, til kona. Her er noko gull som du kann taka med til merke paa, at det er eg som sender deg. Og um ho no syrgjer mykje paa meg, so ventar eg at ho likevel sæter mi kjærlege helsing meir enn di gjerning. Det rinst for meg, at du vert ein gjæv mann. Fær du søner, eller dei søner, so lat ikkje namnet mitt døy ut; daa hev eg løn, for di eg unnte deg livet.« Torstein bad honom no gjera som han vilde med livet hans og alt anna; beda honom um det vilde han ikkje. Jokul sa at han hadde livet hans i sitt vald, og

det var greidt at far hans hadde stælt upp honom til dette verket; »hans raad er det som vert min bane,« sa han, »eg ser du er like nøgd um me døyr baae, men du kann venta deg ein betre lagnad; ikkje er dei verjelause der du er fyremann, slikt tiltak og mod som det er i deg; betre var det òg for syster mi um du fekk henne, enn at vikingar skal taka henne i herfang. Um du fær tilbod i Gautland, so far heller til eigedomarne dine i Romsdalen, for ikkje unner farsfolket mitt deg magti etter hans dag; kann henda syrgjelege draap vil høyra ætti di til, og mangein missa saklause frendar. Seg ikkje namnet mitt aat andre enn far din og frendarne mine; laakt hev livet mitt vore, og enden vert som fortent; soleis gaar det dei fleste illgjerningsmenner. Tak no gullet til jarteign og rykk so or sverdet; dermed vert det nok slutt med samtalen vaar.« Sidan rykte Torstein sverdet or, og Jokul døydde.

IV.

Etter denne hendingi rid Torstein heim. Daa han nærma seg garden, saag han ein hop menner rida imot seg. Det var far hans og mange andre kjenningar som kom og skulde leita etter honom. Daa dei møttest, helsa Kjetill venleg paa son sin; det var som han skulde ha faatt honom att fraa Hel. »Eg angra straks paa ordi mine, den gongen eg erta og neiste deg.« Torstein svara og sa at han ikkje hadde visst, um han nokon gong kom att eller ikkje; men lukka hadde vore so god at han kom velberga heim. Men endaa det fall litt kvasse ord, vart dei snart gode vener. Torstein fortalde no far sin korleis alt hadde gaatt paa ferdi. For dette verket fekk Torstein lovord av

alle mann, som ventande var. Sidan lét Torstein lysa til tings, der alle menner fraa bygderne der ikring møtte. Paa tinget stod Torstein upp og sa: »Eg vil kunngjera for dykk alle, at den otten som ei rid hev stade av desse røvarane, so folk ikkje torde reisa i fred, den otten er no enda, og det var mest for det at dette tinget vart tillyst, at eg vilde at kvar skulde taka det godset han hev aatt; det som vert att, vil eg ha.« Dette tykte dei alle var gildt, og Torstein fekk mykje lovord for det han hadde gjort. Namnet aat illgjerningsmannen vart ikkje spurt millom folket; berre nokre faa fekk vita det.

V.

Det var ein dag at Torstein tala med far sin og sa at han vilde fara aust til Ingemund jarl, soleis som han hadde lova Jokul. Kjetill sa, det var ikkje raadelegt aa gjeva seg i valdet aat uvenerne sine og bad honom heller vera heime; »um ikkje jarlen vil gjera deg mein, so kunde det vera andre som vert nærgaaande og vil deg vondt.« Torstein svara: »Det eg hev lova Jokul, det vil eg halda, og fara skal eg, um eg so ikkje skulde sleppa fraa det med livet.« Sidan gjorde Torstein seg ferdig og fór til Gautland, og fekk det stelt soleis at han kom til garden aat jarlen tidleg paa dagen. Jarlen var ute paa veiding, som megtige menner bruker. Torstein gjekk inn i ei drikkestova og sette seg paa ein benk med reisefylgjet sitt. Daa kom kona aat jarlen inn i stova og fekk sjaa deim som var komne. Ho saag det var utlendingar og spurde kven dei var. Torstein fortalde at han var nordmann, og sa han hadde eit ærend som ingen annan skulde høyra, og spurde um han

kunde faa tala med henne for seg sjølv. Det fekk han. Daa sa Torstein: »Eg hev ei tidend aa bera fram: Jokul, son din, er drepen.« Ho svara: »Det var ei syrgjeleg tidend; men ho kom ikkje uventande, so stygt som han hev fare aat; men kva er det som gjer at du fer den lange vegen og kjem og fortel denne syrgjelege tidendi?« »Det er mangt som gjer det,« segjer Torstein, »daa me skildest, lova eg honom at eg skulde fara og finna Dykk og fortelja sant um skilnaden vaar; eg kann ikkje løyna det: det var eg som vart banemannen hans; for folk heime tykte det var uraad aa vera under hans velde, slik som han fór fram med manndraap og ran. Naar eg skal tala sant, gjekk det likevel so at han fekk tak paa meg, so han kunde ha drepe meg um han hadde vilja; men han unnte meg livet og gav meg det paalegget at eg skulde fara hit til Dykk og helsa fraa honom; De skynar det hadde vore betre aa sitja heime enn aa gjeva seg i Dykkar miskunn. No hev eg her noko gull som han sa De vilde kjennast med; han bad meg taka med det til jarteign, so De kunde hjelpa meg til forlik med jarlen, soleis at eg fær Tordis, dotter Dykkar, til kona; han sa ogso at De vilde sæta meir hans helsing enn mi gjerning.« Vigdis vart raud og sa: »Du er ein djerv mann; men det trur eg at det er sant det du segjer um møtet dykkar, og naar Jokul gav deg livet, so skal det vera mi raad, at dei ikkje gjer deg mein; for du ser ut til aa vera ein mann som hev lukka med deg, og for di Jokul, son min hev bede um det, so vil eg bera fram saki di for jarlen; men fyrst maa du gøyma deg.« Daa jarlen kom heim, gjekk dronningi til honom og sa: »Eg kann segja Dykk ei tidend som gjeld oss baae tvo.« »So er vel det at Jokul, son min, er daaen,« svara jarlen. Det var so, sa ho. Jar-

len sa: »Ikkje hev han han faatt sottdaude.« Ho svara: »Det er sant at han er drepen; men stor manndom synte han; han unnte draapsmannen livet og sende honom hit i vaart vald med sanne jarteign, so dei skulde gjeva honom fred og forlik, so stor saki enn er; det kunde òg vera, at mannen vart deg til gagn, um du gjorde honom til maag og gav honom dotter di, som Jokul hadde bede um, og han meinte at du vilde sæta siste bøni hans, og du kann sjaa kor trufast denne mannen hev vore til aa halda lovnaden sin, naar han fór fraa eigedomarne sine hit til oss, der han kunde venta seg ufred. Naar no eg hev bore fram denne saki, og son din hev sendt helsing, daa vonar eg at du gjer som eg bed, — og sjaa no her jarteigni!« — og dermed syner ho fram gullet. Jarlen drog anden tungt. »Mykje hev du fortalt,« sa han, »og djervt talar du, naar du trur eg skulde visa den mannen æra, som hev drepe sonen min; dauden fortente han, og ikkje venegaava.« Dronningi sa: »Det maa ein koma i hug, herre, aa sæta ordi hans Jokul, og dygdi aat mannen som kjem hit i ditt vald. Du maa òg koma i hug at du er gamall og treng ein til aa styra for deg, og til det høver denne mannen godt. Jokul unnte honom livet, endaa han hadde honom i sitt vald, og det vart for mannen til ei lukka som han ikkje hadde venta; daa er det greidt, me kann ikkje hindra lukka og sigeren aat mannen, eller den gode raadi son vaar gav, og det er ein stor siger aa gjera som Jokul sa, aa unna denne mannen livet, som hev fare so mot oss, og det vil vera ei stor skam um me no gjer honom mein, naar han hev kome og gjeve seg i vaart vald.« »Det er svært kor du tek deg av denne mannen; du maa tykkja godt um honom; eg vil òg sjaa honom, og det er daa um aa gjera korleis

han ser meg ut, um eg kann tykkja noko mun i honom.« Sidan vart Torstein førd fram for jarlen; men dronningi hadde stelt det so, at verste sinne var gaatt av honom. Torstein sa: »Det staar no alt i Dykkar magt, herre jarl, korleis det skal gaa meg; De veit òg, kva ærend eg hev hit; eg vil beda Dykk um forlik; men eg vil ikkje klaga, kva raad De so tek; det er no òg visi aat hovdingar aa unna deim livet som av seg sjølv kjem og bed um naade.« Jarlen svara: »Eg tykkjer so godt um deg at eg unner deg livet; det er no òg likaste boti for son min, at du gaar i hans stad, — um du daa vil vera hjaa meg; for du ser ut til aa ha lukka med deg; det er no heller ikkje sømelegt aa strida mct den som gjev seg i valdet aat ein.« Torstein takka jarlen for di han unnte honom livet; han var no der ei rid og vart kjend med folk. Jarlen saag snart, at Torstein var ein vitug mann og merkeleg i alle maatar.

Ein gong sa Torstein aat jarlen: »No vilde eg gjerne vita, herre, korleis det gaar, um eg kunde verta maagen Dykkar.« »Eg vil ikkje segja nei aat det,« svara jarlen, »det kunde henda att det vart til gagn for ætti vaar, og eg vil at du vert her hjaa oss.« Torstein sa: »Det segjer eg takk for, og eg lovar aa vera her medan De liver; men etter Dykkar dag vert eg vel ikkje sætt stort millom folket her, og kvar maa no leita si eigi lukka.« Jarlen gav honom rett i det.

VI.

Ei stund etter reid Torstein heim og fortalde far sin korleis alt var gaatt, og bad han reisa med, og det gjorde Kjetill. Jarlen laga ferdig til gjestebods, og Torstein kom dit med Romsdølerne og

mange stormenner; i gjestebodet var fullt upp av alle slag; det var svært til stas, og store gaavor vart gjevne, og jarlen og Kjetill skildest som fine vener. Torstein og kona hans vart att. Jarlen var alltid venleg mot Torstein, og Torstein og Tordis vart snart glade i kvarandre.

Det hende ein kveld at det kom nokre menner til jarlen med den tidendi, at Kjetill Raum var daaen, og at dei vilde at Torstein skulde koma heim til farsgarden og riket sitt. Torstein tala med kona si og med jarlen um dette. Ho bad honom raada i dette; ho vilde som han vilde, sa ho. Sjølv var han mest huga paa aa fara heim; der kunde han venta minst ovund og mest æra, meinte han. Jarlen samtykte i dette og sa, at det var meir ventande aa vinna framgang heime enn hjaa framande folk. Straks etter dette vart jarlen sjuk. Han kalla aat seg Torstein, maagen sin, og dotter si og sa: »Laga dykk no ferdige til aa fara herifraa, med gods og rikdom paa sømeleg vis; frendarne vaare vil vera vel nøgde med det, at styret her i landet, og alt som fylgjer med det, vert gjeve aat deim. Skulde de faa ein son, so lat honom bera namnet mitt.« Torstein lova det, men sa at han vilde ikkje traa etter aa faa jarlenamn; frendarne hans var ikkje av so stort folk, sa han.

VII.

Ingemund jarl døydde ei stund etter, og Torstein fór heim til eigedomarne sine og tok med farsarven. Um sumaren fór han i herferd og vann gods og æra, og um vinteren sat han heime paa gardarne sine, og var ein hæv og umtykt mann.

Ingjald heitte ein mann som budde i Hemne

Hemne, ei bygd i Fosen.

nord i Helgeland. Det var ein dugeleg bonde. Um sumaren fór han paa herferd, men heldt seg roleg um vinteren; han og Torstein var gode vener Ingjald var ein god gardbrukar og ein hæv mann. Torstein fekk ein son med kona si, og daa guten var fødd, vart han boren fram til far sin. Torstein saag paa honom og sa: »Denne guten skal heita Ingemund etter morfar sin; eg ventar at lukka vil fylgja namnet.« Guten vart snart stor og sterk.

Torstein og Ingjald heldt gjestebod aat kvarandre kvar haust, naar dei kom fraa vikingferd. Ein gong daa Ingjald var i lag hjaa Torstein, kom guten Ingemund springande burt aat Ingjald. »Det sér ut til at lukka vil fylgja deg, gut,« segjer Ingjald, »og etter di far din og eg hev vore gode vener, vil eg bjoda deg heim og fostra upp deg, so godt som eg kann.« Torstein sa at han tok mot tilbodet, og guten vart med Ingjald heim.

Ingjald hadde ein son som heitte Grim og ein annan som heitte Romund; det var tvo staute menner, som no vart fostbrørne hans Ingemund.

Torstein og Ingjald heldt uppe den gamle skikken og bad heim kvarandre til gjestebod og heldt veitsla, og folk tykte det var som ein skulde sjaa Kjetill der Torstein var, endaa han var mindre i vokster og ikkje so sterk.

Ein gong daa Ingemund raaka far sin, sa han: »Du hev sytt for god uppfostring aat meg; men no vil eg at du gjev meg skip; i sumar vil eg ut paa herjing, so som frendarne mine fyrr hev havt for vis. Eg er no so pass til aars at eg duger til slikt; men ferdi lyt du og eg kosta; eg vil ikkje at fosterfar skal gjera det, endaa eg veit han ikkje segjer nei.« Torstein tykte godt um dette og lova honom eit skip. Han kunde ikkje nøgja seg med mindre, sa Ingemund; so for han heim

og fortalde fosterfar sin det. »Det var god hjelp,« sa Ingjald, »no skal eg gjeva Grim eit skip, so fer de tvo i lag; men sjaa dykk no for og ver varsame, og legg ikkje til der det er yvermagt; det er likare aa taka til med lite og auka det, enn aa taka til stort og sidan minka.« Sidan laga Ingemund og Grim seg ferdige og drog ut paa vikingferd, og det gjekk deim godt. Dei vaaga seg ikkje i strid, utan dei fann det raadelegt, og um hausten hadde dei fem skip, alle godt budde med folk og vaapen og alt som til høyrde. Det syntest snart, at Ingemund var ein dugeleg kar og djerv til aa gaa paa, hendt til aa bruka vaapen, hardbalen, venleg og godgjerande, trufast mot venerne sine, og ein framifraa hovding etter gamall vis.

Han fortalde Grim at han om hausten tenkte seg heim til far sin og vera der ei stund utetter vinteren med 20 mann, og so gjorde dei. Dei merka snart paa Torstein at han tykte, at uppheldet deira der ikkje var vel yvertenkt, og at det gjekk med for mykje. Ingemund sa: »So tykkjer ikkje eg, og soleis skal du ikkje tala; daa er det likare at du talar um, kva du vil ha i vederlag av godset vaart, so som hermenner plar, og bruker det paa sømeleg vis; det høver godt at du føder oss naar det er paa vaar kostnad.« »Du talar som ein vitug mann,« sa Tordis, »soleis vilde morfar din ha gjort.« »Det skal eg òg gjera; de hev rett,« sa Torstein.

Dei var no der um vinteren til yver jol, og dei hadde det godt og var sers nøgde. Alle tykte Ingemund var ein gild kar, baade aa sjaa til og i framferd. Han var dugeleg i all slag leik og vel øvd i alle idtrotter, god og hjelpsam mot smaafolk, men hardbalen og strid mot uvener.

Daa det leid yver jol, sa Ingemund aat far

sin: »No vil eg og kamratarne mine fara til fosterfar min og vera der til vaars, for han vil tykkja mun i at me er der.« »Eg tykkjer det er best du vert her med oss i vinter, frende,« sa Torstein. Ingemund sa dei maatte no fara likevel, naar dei hadde tenkt det, og so gjorde dei. Dei var kjærkomne gjester hjaa Ingjald, og dei vart der sidan um vinteren. Daa det leid paa vaaren, sa Ingemund at han vilde at dei skulde laga seg ferdige og fara i viking; dei var no mykje betre budde enn fyrr, sa han. Det tykte Ingjald òg. So fór dei sumaren etter i viking og vann mykje gods av røvarar og ransmenner som laag og tok gods fraa bønder og kjøpmenner; soleis gjekk sumaren. Daa sa Ingemund: »Møter me ikkje stòre faarar paa ferderne vaare, so lyt me daa fara fram med mod og manndom.« Alle lydde hans bod og forbod.

Daa det leid noko ut paa hausten, kom dei inn aat svenske-skjeri; der laag det nokre vikingar, og no gjorde dei seg ferdige til strid paa baae sidor. I fyrstningi skaut dei og kasta stein; dei var jamsterke, og mange vart saara paa baae sidor. Ingemund fekk mykje lovord den dagen, og dei som var hans menner tykte dei tente ein god hovding. Daa det leid paa kvelden, gav det seg noko med striden. Daa sa Ingemund: »So hard og faarleg som denne striden hev vore, so skal dei ikkje sjaa det paa oss at me er trøytte.« Daa steig det upp ein stor, staut kar paa skipet framfor deim. »Kva er det for folk me hev slegest med i dag?« segjer han, »det sømer seg ikkje at me ikkje talast med, og me hev ikkje noko utestaaande med kvarandre, det eg veit.« Ingemund svara: »Spør du etter hovdingarne for folket vàart, so heiter den eine Ingemund og den anden Grim; men kva er du for ein?« »Eg heiter Sæmund,«

sa han, »og er hovding for dette folket; ætti mi er fraa Sogn; eg kjenner til frendarne dine, og etter di me er samlendingar, so sømer det seg betre at me slær oss i lag enn aa slaast; me hev ikkje høyrt anna enn godt um dykk; no vil me bjoda dykk venskap, ikkje for di me held oss for veikare enn de og treng beda um fred.« Ingemund sa at dei gjerne gjekk med paa dette, og skulde ikkje tykkja noko paa det som var sagt; dei vilde ikkje gjeva seg til aa slaast med deim um ei uviss æra, men heller taka mot fred og venskap av deim. No vart det gjort fred og forlik millom deim, og sidan heldt dei saman um sumaren og vann gods og æra. Um hausten siglde dei til Sogn. Sæmund sa daa at dei maatte skiljast der; men sumaren etter skulde dei møtast der att som vener; det lova Ingemund. Sæmund heldt no inn i fjorden; men Ingemund siglde nord med landet og hadde mange skip og mykje folk; han fór til far sin med 60 mann. Grim sa: »Trur du ikkje, fostbror, at far din tykkjer han fær gjester nok?« Den andre meinte at det no var maatsamt. Torstein gjekk imot son sin og baud honom hjarteleg velkomen. Ingemund takka for det. Torstein fødde deim paa stormannsvis um vinteren og sa han var glad av di han aatte ein slik son; han hadde tidleg merka at lukka vilde fylgja honom liksom dei andre frendarne hans, »og etter som du gaar fram i dugleik, skal eg visa deg meir heider,« sa han. Ingemund var der um vinteren, og han vart meir og meir umtykt, for so mykje meir gods som han no hadde, so mykje meir godhjarta og høvisk var han.

Daa det leid til vaars, samraadde fostbrørne um ferderne sine, og Grim sa at han vilde fylgja honom som fyrr. So drog dei ut paa herferd, og Sæmund kom imot deim, so som det var avtala,

og dei fylgdest no aat um sumaren. Tri summrar fór dei soleis i lag i Vesterhavet og vann gods og æra. Ingemund var framanfor deim alle baade i kloke raader og i alt slag dugleik, og samlaget deira var i alle maatar merkelegt.

Um vintrarne var Ingemund hjaa far sin. Torstein tykte han aldri fekk vist son sin æra nok, naar han saag kva kar han var.

VIII.

Dei fortel at siste sumaren daa Ingemund og Sæmund var ute i lag og kom heim med mykje meir herfang enn fyrr, daa fekk dei den tidendi fraa Norig, at ein her samlast aust med Jâren. Mest alt landsfolket var her samla i tvo herar. Paa den eine sida var Harald, han dei gjerne kalla Dovrefostre eller Luva. Han slost mot hovdingarne i landet; det siste slaget, fyrr han vann yver heile landet, var det namngjetne slaget i Hafrsfjorden, som det er so mykje fortalt um i sogorne. Paa dette leitet var det, som sagt, at Ingemund og Sæmund kom i land, tett attmed der heren var komen saman. Daa sa Ingemund: »Her vert store hendingar, for her er dei med alle dei største mennerne i landet; men eg held kong Harald for likast, og honom vil eg bjoda folket mitt, og det skal ein ikkje mismæta.« Sæmund sa at han ikkje vilde vaaga livet sitt for hans skuld, og ikkje vilde han vera med i det slaget. Ingemund svara: »Du ser, fostbror, at kongen hev stor magt; og kven trur du det gaar best, deim som er med honom, eller deim som er imot honom? eg tenkjer han vil løna deim godt som no ærar og hjelper honom, og uvisst kann det vera korleis det gaar deim som no ikkje gjer hans vilje, og me tvo maa daa skiljast.«

Sidan siglde Sæmund til Sogn med folket sitt; men Ingemund fór inn i Hafrsfjorden og burt aat floten aat kong Harald. Dei største av hovdingarne som stod mot kong Harald, var Tore Haklang og Aasbjørn Kjøtve; dei hadde mykje stridført folk. Ingemund la til attmed lyftingi paa kongsskipet og helsa kongen med dei ord: »Heil, heil Dykk herre!« Kongen takka for helsingi og spurde kven han var. »Ingemund heiter eg,« svara han, »og er son hans Torstein; eg er komen her og vil bjoda Dykk folket mitt; me trur at dei vil ha det betre som hjelper Dykk, enn dei som staar imot; eg er nyst komen heim fraa herferd med nokre skip.« Kongen tok gjerne imot det tilbodet, og sa at han hadde høyrt gjete honom — og høyrt berre det som vel var. »Og det vonar eg, at du skal faa løn for strævet ditt,« sa han, »for eg vil leggja heile Norig under meg, um eg fær lukka med meg, og stor skilnad vil eg gjera paa dykk og deim som slær lag med fiendarne vaare, eller fer til eigedomarne sine, som eg hev høyrt at Sæmund, kamraten din hev, gjort; eg maa segja det er meir manndom i di framferd.« Ingemund sa at det var mykje godt hjaa Sæmund.

IX.

Etter dette bles dei i lurarne ut yver heile heren, og alle laga seg ferdige til strid det beste dei kunde. Dette slaget var det største kong Harald heldt. Ragnvald fraa Møre og mange andre store hovdingar var med honom, og dei berserkarne dei kalla Ulvhednar; dei hadde vargskinnstrøyor utanpaa brynjorne. Desse varde framstamnen paa kongsskipet; men kongen sjølv varde lyf-

tingi med mykje æra og manndom, og der vart det hogge baade tidt og hardt. No gjekk det heitt til ei stund med hogg og spjotstikking og ei fæl steinkasting, og mykje folk fall paa baae sidor. Ingemund fylgde kong Harald vel og fekk godt lov. Det er vel kjent korleis denne namngjetne striden enda. Kong Harald vann ein stor siger og fekk sidan einvelde yver heile Norig. Han lønte hovdingarne som hadde fylgt honom, og alle andre, paa ein ærefull maate. Ragnvald gav han jarledøme. »Du hev synt mykje manndom i hjelpi di,« sa han, »son din hev du ofra for mi skuld; honom kann eg ikkje gjeva deg att; men eitt kann eg, og det er aa løna deg paa sømeleg vis: fyrst skal du verta jarl, og dei øyarne vestanfor havet, som heiter Orknøyarne, skal du faa i bøter for sonen; mykje anna heider skal eg òg visa deg.« Og denne lovnaden heldt kongen. Ragnvald sende Hallad, son sin, vest yver; men han kunde ikkje verja riket for vikingarne. Daa sende han sonen, Torv-Einar, og tenkte at han skulde greida det. Han var fyrste jarlen paa Orknøyarne, og fraa honom er dei ætta alle Orknøy-jarlarne, etter som det vert fortalt um deim. Kong Harald gav mange stor løn for hjelpi deira, og so ærsam var han at han hjelpte alle paa einkvar maaten, anten dei hadde vore med honom eller mot honom; men dei som no stod imot honom, jaga han or landet, pinte eller drap deim, so ingen fekk nokor skadebot. Sidan sa kongen aat Ingemund: »Stor venskap hev du synt meg, og mykje æra hev du sjølv vunne; eg vil alltid vera din ven, og din lut i herfanget skal verta tri skip med fullt mannskap, og so skal du ha herbunaden aat alle dei vikingarne du slost med, og til merke paa at du hev vore med i Hafrsfjorden, skal du faa til gaava denne tingen,

som Kjøtve hev aatt, og som han tykte mykje mun i; det er no meir til minne um dette møtet, og ikkje nettupp for di det er noko mykje verdt; men det er daa likevel ei æra at du hev faatt det av meg. Naar eg no hev skipa riket mitt, skal eg dessutan løna deg for hjelpi di med gjestebod og venegaavor.« Ingemund takka kongen for gaavorne og dei venlege ordi, og dermed skildest dei; men kongen sa han skulde nok koma i hug Sæmund, so svikfullt som han hadde fare aat mot kongen sin.

X.

Ingemund raaka Sæmund straks etter slaget i Hafrsfjord og sa honom at det der hadde gaatt paa lag som han tenkte. »Etter som kongen tala til, so er det ikkje raadelegt at du slær deg til ro; eg tenkjer det er best du kjem deg undan, for kongen vil halda lovnaden sin; men etter di me er vener, vilde eg gjerne spara deg, so du ikkje vert ute for alt for hard lagnad. Enn um du fór til Island? det hev so mange hæve menner gjort, naar dei ikkje trudde dei kunde staa seg mot Haralds magt.« Sæmund sa: »Det synest no som fyrr at du er ein trufast ven, og eg vil fylgja denne raadi.« Ingemund bad honom gjera det; »men det hadde vore betre at du hadde fylgt meg i Hafrsfjorden, so hadde du no sloppe aa fara til eit slikt audt skjer.« Det hadde vel vore rettast det, meinte Sæmund. Han selde no gardarne sine i løynd og laga seg til aa fara burt; han takka Ingemund for hjelpi og sa at det ikkje maatte vera ute med venskapen.

Sæmund fór sidan til Island og kom til Skagafjorden; det var mykje av landet som enno var

ubygt. Han fór med eld paa gamall vis og tok seg land der som det no heiter Sæmundarlid ved Skagafjorden, og vart ein megtig mann. Son hans heitte Geirmund, og dotteri Reginleiv var gift med Torodd Hjelm. Deira dotter heitte Hallbera, og ho var mor aat Gudmund den megtige paa Modruvollarne og Einar Tveræing.

Etter slaget i Hafrsfjord fór Ingemund til far sin med mykje heider. Torstein tok imot honom med baae hender og sa at han hadde havt lukka med seg; det kunde no òg vera ventande, sa han, av dotterson aat ein so gjæv mann som Ingemund jarl. Han vart no der um vinteren, og same vinteren kom Ingjald til Torstein, og det vart eit gledelegt møte. Ingjald sa at det no hadde gaatt Ingemund som han tenkte, »og no, fosterson,« sa han, »hev eg laga til gjestebods aat deg, so gildt som eg kunde gjera det.« Ingemund lova aa koma. Ingjald fór heim og bad i hop mykje folk, og alle som var bedne, kom. Ingjald fekk til seiding etter gamall vis, so folk skulde faa læra lagnaden sin; der var komi ei trollkunnig finnkjering. Ingemund og Grim kom mannsterke til gjestebodet. Finnkjeringi vart sett paa eit høgt utstasa sæte. Kvar mann gjekk fraa romet sitt fram aat henne og spurde um lagnaden sin, og ho spaadde aat kvar korleis det skulde gaa; men dei var ikkje like nøgde med svaret dei fekk alle. Fostbrørne sat paa romet sitt og gjekk ikkje fram og spurde; dei brydde seg ikkje um spaadomarne hennar. Daa sa spaakvinna: »Kvifor spør ikkje desse unge mennerne der um lagnaden sin; dei tykkjer eg er dei merkelegaste av mennerne som er komne saman her?« »Eg bryr meg ikkje um aa vita slikt fyreaat,« sa Ingemund, »og lagnaden min ligg vel ikkje gøymt under tungeroti paa deg.« Ho svara: »Eg skal segja deg det uspurd;

du skal setja bu i eit land som heiter Island; der er det lite bygt enno. Du skal verta ein gjæv mann, og gamall skal du verta. Mange av etterkomarane dine skal verta namngjetne i det landet.« Ingemund sa: »Dette segjer du vel for di eg hev sett det for meg at eg aldri skal koma dit, og ein daaleg kjøpmann vilde eg vera um eg selde alle dei gode ættegardarne mine og fór til dei aude bygderne der.« Finnkjeringi svara: »Det kjem til aa gaa som eg segjer, og til merke paa det kann eg fortelja deg at den tingen kong Harald gav deg i Hafrsfjorden, den er komen burt av pungen din, og finst no i det holtet der du kjem til aa byggja; paa den tingen var bilætet aat Frøy inngrave i sylv, og naar du byggjer garden din, skal du sanna ordi mine.« Ingemund sa: »Var det ikkje det at eg gjorde fosterfar min imot, so skulde du faa løni for spaadomen din i hovudet; men med di eg ikkje er nokon valdsmann, fær det vera.« Det var ikkje verdt han var sint for dette, meinte ho. Ingemund sa det var ei ulukka at ho var komi der. Det var no so laga, sa ho, anten han tykte det var vel eller ille, »og,« la ho til, »Grim skal òg koma dit ut, like eins Romund, bror hans, og dei skal verta gilde bønder baae tvo.«

Um morgonen etter leitte Ingemund etter bilætet, men fann det ikkje. Det var ikkje noko godt merke, tykte han; men Ingjald bad honom vera glad og ikkje leggja slikt paa seg, for det var mange gjæve menner som no ikkje heldt det for skam aa fara til Island; »det var no berre i god meining at eg fekk finnkjeringi hit,« la han til. Ingemund sa han kunde ikkje takka honom for dette; men dei skulde no aldri verta uvener for det.

Sidan fór Ingemund heim til far sin og var

der um vinteren. Daa det leid paa vaaren, spurde han fostbrørne sine kva dei meinte um ferdi. Grim sa at det nytta ikkje aa strida mot lagnaden sin, »eg hev no tenkt meg til Island i sumar,« sa han, »og like eins bror min; det er no mange gjæve menner som ikkje held seg for gode til det. Dei segjer det skal vera god jord der ute; feet føder seg sjølv ute um vinteren, og fisk er det i kvart vatn; der er store skogar, og ein vert ikkje ute for valdsverk av kongar og illgjerningsmenner.« Ingemund sa: »Eg vil ikkje dit, og so fær me skiljast.« Det fekk so vera, sa Grim, »men det skulde ikkje undra meg, um me møttest paa Island, for det er ikkje lett aa fly fraa lagnaden sin.« Ingemund sa han tok seg nær av det at dei skulde skiljast.

Grim og bror hans siglde no ut um sumaren og kom til Borgarfjord og la inn til Kvannøyr. Grim sa daa at han tenkte aa taka land og bu der. Han tok so mykje land at det no er mange gardar paa hans eigedom. Romund vilde fara til fjells; han sa han lika seg best uppunder fjellet. Grim sa det var ikkje verst; dei kunde daa driva baade jordi og sjøen. Romund tok Tveraalidi og vart ein framifraa mann; Illuge Svarte er av ætti hans. Grim fekk òg ei stor ætt, og mang ein gjæv mann, som ikkje er nemnd her, høyrde den ætti til.

XI.

Den sumaren daa brørne fór til Island, fór Ingemund til far sin og var hjaa honom. Torstein, far hans, tok daa til aa eldast, og ein gong segjer Torstein til Ingemund: »Godt er det aa døy, naar ein veit at sonen hev havt lukka med seg slik som

du. Det som gleder meg mest, er at eg i mitt liv aldri hev gjort vald i mot nokon. Det er likt til at det snart kann vera gjort med meg, for no kjenner eg sotti. Eg vil no kunngjera deg, frende, korleis det er med eigedomarne mine. Det skulde ikkje undra meg um du kom til aa reisa fraa heimgarden din, og eg skal ikkje tykkja paa det.« Ingemund meinte han vilde leggja vinn paa aa gjera etter som han hadde sagt. Torstein trudde at Ingemund vilde verta ein stor mann, kor han vart buande. Endaa fleire ting fortalde Torstein, og braadt etter døydde han og vart etter gamall vis gravlagd med mykje stas. Ingemund tok med godset og alle eigedomarne og tenkte no aa setja bu og gjeva seg til ro der.

XII.

Kong Harald haarfagre hadde no faatt fred og ro i landet og var den gjævaste av alle dei gamle kongarne i nord-landi. Han kom daa i hug kva han hadde lova venerne sine, og gjorde no gilde gjestebod med stor stas aat deim. Iser bad han Ingemund, og daa han kom, tok kongen vel imot honom og sa: »Etter som folk segjer, skal du i mange maatar vera ein velberga mann; men det skortar ein ting: du hev ingi kona. Eg hev no tenkt ut eit gifte aat deg, for eg hev ikkje gløymt at du vaaga livet ditt for mi skuld. Vigdis, dotter hans Tore jarl den tegjande, ho er baade fager og rik; henne skal du faa til kona.« Ingemund takka kongen og sa han tykte svært godt um det giftarmaalet.

I dette gjestebodet hadde det vore mykje stas og flust av alle ting, og kvar fór no heim til sitt.

Etter dette laga no Ingemund til brudlaups, og daa det var ferdigt, kom kong Harald og mange andre storfolk. Ingemund fekk no Vigdis, so som det var avtala, og det vart retteleg eit storbrudlaup. Kongen viste deim stor æra og gav gilde gaavor. »No likar eg meg godt,« sa Ingemund, »og stor heider er det aa sjaa Dykkar godvilje; men eg kann ikkje faa fraa meg dette som finnkjeringi spaadde, at eg skulde skifta bustad. Eg vilde ikkje det skulde gaa den vegen at eg fer fraa heimgarden min.« Kongen svara: »Det er det no ingi raad for, dersom det er so laga, og Frøy vil lata bilætet sitt koma dit og setja upp høgsætet sitt der.« Ingemund sa han skulde ha hug til aa vita um han vilde finna bilætet eller ikkje naar dei grov aat høgsætesstolparne hans; det kunde henda at det var noko i det, »og naar eg skal tala sant, herre,« la han til, »so hev eg tenkt aa faa i nokre finnar og senda deim til Island, so dei kann segja meg korleis landet ser ut der eg skal setja bu.« Kongen tykte han kunde gjera det, «for eg trur no at du kjem dit,« sa han; »men det er um aa gjera um du fer med mitt løyve, eller lurer deg burt, som so mange no hev til vis aa gjera.« »Det skal aldri henda at eg fer mot din vilje,« sa Ingemund; dermed skildest han og kongen.

Ingemund fór heim og heldt seg roleg paa gardarne sine. Han sende bod etter finnarne, og det kom tri nordanfraa. Ingemuud sa han skulde løna deim; vilde dei fara til Island og leita etter bilætet hans og fortelja um landslaget, so skulde dei faa smør og tin. »Ei faarleg ferd er det for ærendsveinarne,« sa dei, »men naar du bed oss, vil me prøva. Steng oss inne i eit rom, og ingen maa ropa paa oss.« So vart gjort. Daa tri næter var gaatt, kom Ingemund til deim; dei reiste

seg upp og stunde tungt. »Ei strævsam ferd hev ærendsveinarne havt; men me hev slike jarnteigner at du skal kjenna landet um du kjem dit me segjer. Det var ikkje lett aa finna bilætet, og stor magt var det i ordi aat finnkjeringi, for me hev lide mykje vondt. Der me kom i land, gjekk det inn tri fjordar fraa nordaust, og innan for den eine av fjordarne var det store vatn. Sidan kom me aat ein djup dal, og i dalen under fjellet var det noko smaaskog, inni den ei liti glenna der det kunde høva aa setja bu; her inni eit holt attmed var bilætet; men daa me skulde taka det, skaut det seg burt i eit anna holt, og det fór undan etter som me kom etter, og alltid var det som det laag noko utyver det og gøymde det, so me ikkje fekk i det; du lyt no av og finna det sjølv.« Han vilde straks fara, sa han, det nytta ikkje at strida mot lagnaden sin. Han lønte finnarne godt, og dei strauk sin veg.

Han heldt seg no roleg paa gardarne sine og var ein rik og gjæv mann. Sidan fór han til kongen og fortalde honom korleis alt var gaatt og kva han no hadde sett seg for. Det kom ikkje uventande, sa kongen, og naar det var so laga, so var det ingi raad med det. Nei, det var ikkje det, meinte Ingemund, og han hadde no prøvt alt. Kongen sa: »Det vil no verta ein gjæv mann av deg, same kva land du kjem til.« Og kongen gav honom gaavor no som fyrr. Etter dette gjorde Ingemund eit gildt gjestebod for venerne sine og hovdingarne. I gjestebodet bad han folk høyra paa seg, og so sa han: »Eg vil skifta bustad og hev tenkt aa fara til Island, ikkje nettupp for di eg hev hug til det sjølv, men for di det er so laga. Kven som vil, kann fara med meg; men det er òg raad til aa vera heime for den som helder vil det; det kjem paa eitt ut kva venerne vaare vèl.«

Mykje lov fekk han for ordi sine, og dei sa det var stor skade at ein slik mann skulde fara burt; men ingen kunde no raada for sin eigen lagnad. Mange hæve menner gjorde seg no ferdige til aa fara med Ingemund, baade bønder og lauskarar.

XIII.

Paa denne tidi siglde folk som mest til Island, og dette leitet fekk Vigdis eit barn, ein velskapt gut. Ingemund saag paa guten og sa: »Denne guten hev kloke augo; me skal ikkje leita lenge etter namnet; han skal heita Torstein, og eg vonar han skal ha lukka med seg.« Det vart snart ein væn og dugeleg gut; han hadde ei pynteleg framferd og hadde godt for aa tala for seg, var trufast mot kamratarne sine, klok og ferm i alle maatar. Dei fekk ein son til; dei bar honom fram til far sin, og han skulde raada for namnet. Han saag paa guten og sa: »Av denne guten vert det noko stort; han hev kvasse augo. Fær han liva, vert det ein kar som ikkje mange kann mæla seg med; strid av seg vert han, men trufast mot vener og frendar; han vert ei stor kjempa, um eg ser rett; lyt me ikke no minnast Jokul, frenden vaar, som han far bad meg um? han skal heita Jokul.« Guten vart overlag stor og sterk naar han voks til. Det var lite tal i honom; strid og uvenleg var han, hardhjarta og modig i alt. Tore heitte den tridje egtefødde sonen hans Ingemund. Han var vakker og storvaksen og hadde lag til aa verta kjøpmann. Fjorde guten heitte Hogne, den femte Smed, og han var frilleson. Torstein var den vitugaste av alle desse brørne. Tordis heitte dotter hans Ingemund; ho var upp-

kalla etter mor hans; ei onnor dotter heitte Jorunn.

Jørund heitte ein mann som var son aat Tore jarl den tegjande, bror hennar Vigdis. Han kunngjorde at han vilde fara til Island saman med Ingemund, for di dei baade var vener og verbrør, og Ingemund var vel nøgd med det. Kvate og Aasmund, tvo av trælarne hans Ingemund, fylgde med, like eins ein som heitte Fridmund, ein Tore, ein Revkjell, ein Ulvkjell og ein Bodvar. Alle desse mennerne gjorde seg ferdige til aa fara til Island i lag med Ingemund, og alle hadde mykje gods med.

XIV.

No sette Ingemund til havs, so snart han og kamratarne var ferdige; det gjekk godt paa ferdi; dei kom vestan for Island og fór inn Borgarfjord til Leiruvaag [1]). Det spurdest snart at der var kome eit skip. Grim reid ut til skipet og tok vel imot fostbror sin og sa han var svært glad for di han kom. »Det er no gaatt som dei segjer,« sa han, »det kann ingen sin lagnad fly.« »Det er sant, fostbror,« svara Ingemund, »ein kann no ikkje gjera noko med det.« Grim bad honom og alt folket hans heim til seg; Ingemund skulde faa taka det han vilde av eigedomarne hans, anten det no var land eller lausøyre. Ingemund takka for tilbodet og sa han gjerne vilde vera hjaa honom um vinteren; »men sidan eg no med denne ferdi mi hev skift bustad, so vil eg, naar eg fær tid, leita dit der det var sagt at eg skulde taka land.« Ingemund tok kona og sønerne sine med seg og

---

[1]) rettare er lesemaaten Grimsaaosen.

fór til Kvannøyr; men folket hans heldt til der ikring. Grim var svært gjestmild mot deim; han viste deim stor heider og lét det ikkje skorta paa noko. Daa det leid til vaars, baud Grim til, liksom fyrr, alt han aatte, baade land og annan eigedom. Ingemund sa han hadde vore so gjestmild mot deim som nokon kunde vera; »men eg lyt no fara nordetter; eg vilde likevel gjerne at du skulde hjelpa meg med det eg treng til denne flytjingi.« Grim lova det; det same gjorde Romund, for alle tykte dei godt um Ingemund. Um sumaren fór han nordetter og leitte etter land; han fór upp gjenom Nordaadalen og kom ned aat ein aud fjord. Um dagen daa dei fór attmed fjorden, kom det springande tvo sauer ned fraa fjellet og burt aat deim; det var tvo vêrar. »Det maatar godt at me kallar denne fjorden Rutafjord,« sa Ingemund. Daa dei kom lenger fram med fjorden, kom det ei tjukk skodda. Dei kom aat ei øyr og fann her eit bord, som var drive i land. Daa sa Ingemund: »Det er vist so at me skal gjeva staderne der me fer namn, og det skal me gjera; øyri kallar me Bordøyri.« Det leid no ut paa sumaren, for dei hadde mykje aa føra med seg og hadde drege i veg seint. I mot vinteren kom dei aat ein dal, med vidjeskog utyver heile dalen. Daa sa Ingemund: »Her er mykje vidjeskog; me kallar dalen Vididal, og her trur eg det er best me slær oss til i vinter.« Dei var no der andre vinteren og bygde eit hus, der det no heiter Ingemundarhall. Daa sa Ingemund: »Det er no ikkje so morosamt aa vera her som i Norig; men me skal no ikkje tenkja paa det, for det er mange gode folk som er komne saman til moro her òg, og lat oss no gleda oss so godt me kann«. Alle tykte godt um dette; dei var der um vinteren og hadde leikar og all slag trøyte.

XV.

Um vaaren daa snøen tok til aa gaa burt i liderne, sa Ingemund at han vilde at nokre menner skulde gaa upp paa eit høgt fjell der og sjaa um det var mindre snø andre stader; han tykte ikkje dei skulde reisa bustaden sin der, elles hadde dei ikkje noko att for flygtjingi. Mennerne gjekk upp paa eit høgt fjell der dei saag vidt ikring. Dei kom att og fortalde Ingemund at dei i nordaust saag nokre fjell der det var mykje bert, og godt aa sjaa til; »her er det same uvêret i einingi; men etter som me kunde sjaa, var landskapet betre der.« Ingemund svara: »Der er det trulegt at noko godt ventar oss, og at lukka vil det so.«

No gjorde dei seg ferdige tidleg um vaaren, og daa dei kom nordetter til Vatsdal, sa Ingemund: »No fær me sanna spaadomen aat finnarne, for no kjenner eg landskapet etter fraasegni deira; her var det me skulde vera, og her vert det mykje vænare. Her er det vidt og voksterlendt, og um me elles finn det me treng, so kann me nok byggja her.« Daa dei kom til Vatsdalsaa, sa Vigdis, kona hans Ingemund, at ho maatte stana ei stund, for ho kjende seg sjuk. »Berre det no gaar godt,« svara Ingemund. Vigdis fødde ei gjenta, og ho fekk namnet Tordis. »Her skal det heita Tordisarholt,« sa Ingemund. Sidan sette dei alle upp etter dalen, og der saag godt ut med gras og skog; vakkert var det òg, so dei saag svært glade ut alle saman. Ingemund tok no heile Vatsdalen ovan for Helgavatn og Urdarvatn. Tordisarløken fell ut i vatnet midt paa vestsida. Ingemund valde bustaden sin i ein liten fager dal og tok til aa grava tufter: han bygde eit stort hov, 100 fot langt, og daa han grov aat høgsætesstol-

parne, fann han bilætet, so som det var spaatt. »Det er daa sant som dei segjer,« sa han, »at ingen kann fly sin lagnad, og det skal me merka oss. Denne garden skal heita Hov.« Mennerne hans Ingemund leitte seg no bustader rundt ikring der i dalen, etter som Ingemund raadde deim til. Denne hausten laag det sterk is, og daa nokre karar gjekk ut paa isen, fann dei ei bjørnbingsa med tvo ungar. Ingemund var med, og han sa at dette vatnet skulde heita Hunavatnet [1]), og fjorden som alle desse vatni renn uti, skal heita Vatnafjord.« Etter dette fór Ingemund heim. Han fekk seg ein gild gard og vart snart hovding yver Vatsdølerne og deim som budde nærast til der i kring. Han hadde mykje krøter, baade kyr og sauer og anna smaafe. Same hausten kom det burt nokre sauer for honom; um vaaren fann dei att deim burte i skogarne paa ein stad som no heiter Saudadal; ein kann skyna korleis det var med vêr og beite, naar ein høyrer at krøteri kunde føda seg ute denne aarstidi. Dei fortel òg at det kom burt nokre svin for Ingemund; deim fann dei ikkje att fyrr imot hausten andre sumaren; daa var det 100 av deim; dei hadde vorte ville, og ein stor gamall galte dei kalla Beigad, fylgde deim. Ingemund fekk i folk til aa fanga svini, og sa det kunde høva at det vart tvo hovud paa kvar. Dei fór etter svini og fann deim burtmed eit vatn som no heiter Svinavatn, og vilde ringa inn deim der; men galten sette ut i vatnet og symde yver; han vart so trøytt at klauverne datt av honom; han kom seg paa ein haug som no heiter Beigadarhol, og strauk med der.

Ingemund tykte no godt um seg i Vatsdal; og paa mange stader kom det folk og budde og bygde, og det vart innsett lov og rett i landet.

---

[1]) Hunavatnet av húnn, bjørnunge.

XVI.

Daa Ingemund hadde butt ei stund paa Hov, kunngjorde han at han vilde gjera ei ferd austetter og faa seg hustimber, for han vilde setja garden sin i godt stand, og han venta at kong Harald vilde taka vel imot honom, sa han. Vigdis meinte at han nok vilde ha lukka med seg, og han sette nokre menner til aa styra eigedomarne sine saman med Vigdis. Ingemund tok bjørnarne med seg, og han kom vel og vakkert til Norig og fekk spurt kvar kong Harald var. Alt var rolegt i landet, og daa han raaka kong Harald, vart han godt motteken, og kongen bad honom vera hjaa seg. Han tok imot tilbodet og var hjaa kongen um vinteren, og kongen viste honom mykje æra. Kongen spurde korleis han lika seg paa Island. Ingemund lét vel, og sa at han no hadde til ærend aa faa i hustimber. »Det gjer du rett i,« sa kongen, »du kann hogga so mykje du vil i vaar skog, og eg skal syta for aa faa timbret ned aat skipet, so du skal ikkje ha noko bry med det; gjev deg berre til her du.« Ingemund segjer: »Her, herre, skal du faa sjaa nokre bjørnar, som eg hev fanga paa Island; eg vilde faa gjeva deg deim.« Kongen svara: »Eg vil gjerne ha deim, og eg segjer deg mange takk.« Dei gav kvarandre mange gaavor um vinteren, og daa det leid til vaars, var skipet hans Ingemund lasta med dei varor han skulde ha med, og timbret var det beste han kunde faa. Kongen sa: »Eg ser at du ikkje er tenkt til aa fara hit til Norig oftare sjølv, Ingemund; du treng no aa ha nøgdi av timber, og det kann ikkje eitt skip bera; her er fleire skip; vèl deg no kva du vil for eit av deim.« »Vèl for meg De, herre,« svara Ingemund, »det vil fylgja mest lukka med det.« »Det skal eg

gjera,« sa kongen, »eg kjenner deim best; her er eit skip som heiter Stigande; det er eit framifraa skip og hev havt meir lukka med seg paa sjøen enn andre; det veit eg; stort er det ikkje, men fagert.« Ingemund takka kongen for gaava; dermed skildest han med kongen og fekk mange venegaavor med. Han saag snart kor godt eit skip Stigande var. »Eit godt val hev kongen gjort for meg,« sa Ingemund, »og namnet Stigande høver godt paa eit skip som gaar so godt i sjøen.« Dei kom til Island og siglde nordanfor og vestanfor landet; det hadde ingen gjort fyrr. Ingemund kom med baae skipi sine til Hunavatsosen, og staderne der gav han dei namni dei sidan hev havt. Der dei sette i land, heiter det Stigandarov. Det spurdest no vidt at Ingemund var komen heim, og alle var glade fordi han kom. Ingemund aatte ein gild gard og hadde nøgdi av alle ting; han stelte paa mangt paa garden, for han hadde no alt han trong til det. Ingemund vart gòde og hovding der.

Ein av dei mest namngjetne av dei mennerne som var i fylgje med Ingemund daa han kom utyver, heitte Jørund Hals. Etter Ingemunds raad tok han land utanfor Urdavatn og alt til Mogilsløk og var buande paa Grund ut for Jørundarfjell i Vatsdal; det var ein gjæv mann, so som ætti hans hadde vore. Son hans heitte Maar og budde paa Maarstad i Vatsdal; det var ein gjæv mann, og han voks upp i same tidi som Ingemundssønerne. Det tok no til aa verta tettgrendt i dalen. Ein mann som heitte Kvate kom utyver i lag med Ingemund; han tok land fraa Mogilsløk til Giljaa. Aasmund tok land fraa Helgavatn og

---

Stigandarov, hróf = baatskur.
gòde, heidensk prest og hovding paa Island.

fram um Tingøyrasveit. Saudadal ligg austanfor Vatsdal, so Svinadal der Svinavatn ligg, og deretter Beigadarhol. Torolv heitte ein mann med tilnamnet Heljarskjegg; han tok land i Forsæludal. Torolv var ein rang og uvenleg mann som valda mykje ufred der i bygdi. Sør med Fridmundaraa, ikkje langt fraa Vatsdalsaa, bygde han seg ein skans i ei bergkluft; millom klufti og aai var det eit nes, og framanfor ein stor berghamar. Dei mistenkte honom for at han blota folk, og i heile dalen fanst det ikkje ein mann som var so ille umtykt som han. Rute budde paa Rutastad og Aasmund paa Gnup. Paa Grimstunga budde ein mann som heitte Ottar; han var gift med Aasdis, dotter hans Olav fraa Haukagil. Son deira var Hallfred Vandraadeskald, og dotteri heitte Valgjerd; ho var storfelt og fager.

XVII.

Det leid no soleis frametter ei stund. Ingemund tok til aa eldast, men styrde likevel det store huset sitt sjølv. Det spurdest aldri at han laag i trætta eller hadde nokor storsak med nokon, for han forliktest godt med mest alle og var ingen valdsmann. Det var mange gjæve menner der ikring i den tidi; men han var mest umtykt, for di han var snild og godhjarta og klok. Sønerne hans voks upp og vart dugelege menner, som fyrr er sagt.

Det hende ein sumar at det kom eit norskt skip og la til i Hunavatsosen. Han som førde skipet heitte Ravn; han var ein stor kar og mykje for seg, men rang av seg og lite snakksam; han hadde vore lenge i viking og tykte um aa syna seg fram med vaapen og fine klæde. Ingemund

var gjerne den fyrste som gjekk ned aat nykomne skip og tok seg ut det han lika av varorne. Det gjorde han no òg; han kom seg i tal med skipsføraren og baud honom vera med heim, um han so vilde. Ravn sa han visste ikkje noko betre og fór heim med Ingemund; men han hadde same laget sitt og heldt seg mykje for seg sjølv. Det hadde butt mange der hjaa Ingemund som han hadde lika betre. Ravn og Ingemund var lite like og vart aldri sams. Ravn gjekk gjernast med eit godt sverd i handi. Ingemund hadde tidt kasta augo paa dette, og ein gong bad han um aa faa sjaa det, og Ravn sa det var raad til det. Ingemund tok sverdet og drog det or slira; han tykte det var fullt so godt som han hadde tenkt og spurde um han vilde selja det. Ravn svara at det var ikkje so smaatt for honom at han trong selja vaapni han bar; bonden skulde faa sjaa kvar han tok betalingi; han hadde vore der han trong vaapni sine, og det kunde vel enno verta so, sa han. Ingemund vart sint, daa han tykte han gjorde narr av seg, og tenkte det skulde verta ei raad. Og ein gong han skulde gaa til hovet sitt, fekk han laga det so at austmannen [1]) var med. Ingemund tala no med honom um slikt som han visste han lika; han vilde jamnast tala um vikingferderne sine. Ingemund gjekk fyre inn i hovet og visste ikkje av fyrr Ravn kom springande etter og hadde sverdet med. Ingemund vende seg mot honom og sa: »Det er ikkje vis aa bera vaapen inn i hovet; du kann verta ute for at gudarne vert vreide paa deg, og det gaar ikkje dersom du ikkje gjev bøter.« Ravn svara: »Du hev lenge lurt paa aa faa tak paa meg; men hev eg forgjort meg mot lovarne dykkar, so tenkjer eg det

---

[1]) austmann, nordmann.

er best at du avgjer det, for du er halden for ein rettvis mann.« Ingemund meinte at den sømelegaste boti var aa visa gudarne æra; det var no godt, at han ikkje gjorde det med vilje, so straffi vart ikkje so stor; han trudde det var rettast at han fekk sverdet, so skulde han taka paa seg aa gjera gudarne blide att. Ravn sa at han hadde gjeve fraa seg mykje anna gods som var betre enn dette; »men du,« sa han, »hev fare meir rettvist aat fyrr enn du gjer no.« Um sumaren fór Ravn burt, og han er ikkje nemnd meir i denne soga. Dette sverdet gjekk i arv fraa far til son, og dei kalla det Ættartange.

Ein mann dei kalla Øyvind Sorkve, som var komen utyver i lag med Ingemund, fór ein sumar ut paa ferd og hadde Tororm med; dei var vener. Ingemund laante deim Stigande og sa at han hadde hug til aa vita korleis skipet gjekk, naar han ikkje sjølv var med. Ein trufast mann var Ingemund mot alle gode folk. Sumaren etter la dei til i Blonduaaosen og kunde no fortelja Ingemund at det kunde ikkje finnast gildare skip. Dei hadde gjort ei retteleg god handelsreis. Øyvind budde i Blondudal, og Gaut i Gautsdal.

XVIII.

Ein mann dei kalla Rolleiv den store landa i Kvitaa, og hadde Ljot, mor si, med seg. Ho fekk lite lov for huglyndet sitt; ho var noko rar av seg, som ventande var, for ho var ikkje lik andre gode folk. Son hennar var lik mor si til sinns. Rolleiv var brorson hans Sæmund, fostbror hans Ingemund. Dei fór til Skagafjord til Sæmund og fortalde kven dei var og at dei var frendar. Sæmund svara, han kunde ikkje negta at dei var

frendar; »men det kjem for meg,« sa han, »at mor di er verre enn far din, og eg er rædd at du skytst meir paa henne enn paa farfolket ditt.« Rolleiv sa han hadde venta seg noko anna enn fantord. Sæmund lova daa at dei skulde faa vera hjaa honom um vinteren. Rolleiv var ein overlag sterk kar, men brukte ikkje styrken sin til det som godt var. Han var leid til aa erta og taka paa undermennerne sine, og lønte alltid godt med vondt etter raadi aat mor si. Imot Geirmund, son hans Sæmund, var han òg leid, baade naar dei leika og elles, so det vart ikkje nokon venskap millom frendarne. Ein gong sa Geirmund aat far sin: »Den løni som denne frenden vaar gjev for uppheldet, er lettvinn for honom sjølv, men brysam for oss andre: det er truging og vondord og uvyrdi framferd; sume hev han brote sund bein paa eller skamfare paa annan maate, og det nyttar ikkje aa tala honom til rettes.« Sæmund meinte, det var visst at han ikkje lønte deim for uppheldet soleis som han hadde lova, og dette kunde ikkje gaa lenger, sa han. Rolleiv sa det var ei stor skam aa bera seg for so lite og ikkje sæta skyldfolket sitt meir, »og eg toler ikkje at slike stakarar skal sparka meg i andlitet.« Sæmund svara: »So kallar du det; det er som eg tenkte: du skytst meir paa Ljot, mor di, enn paa folket vaart. Eg hev no tenkt deg jord og bustad ute paa Hovdastrand utanfor Hovde utmed Unadal, og eg vil raada deg til at du vægjer litt for grannarne dine, Tord bonde paa Hovde og Une i Unadal og andre menner i bygdi, og bed deim um lov til aa setja deg ned der.« Den andre meinte at han ikkje brydde seg um aa krjupa for deim.

Rolleiv og mor hans fór ut i dalen og bygde der; dalen kalla dei sidan Rolleivsdal. Dei kunde

ikkje halda seg til vens med folk; det vart trætta og trugsmaal, og leide var dei mot alle grannarne. Dei vart snart hata, og folk tykte at det var eit underlegt herk Sæmund hadde sendt deim; i fyrstningi tykte dei at dei ikkje kunde gjera noko med det, naar det var av frendarne hans Sæmund; men no naar dei lærde huglyndet deira aa kjenna, vilde dei jaga deim burt og ynskte at dei aldri var komne der.

Une var ein rik mann og hadde ein vaksen son som heitte Odd, og ei dotter som heitte Rodny; det var ei fager gjenta og god til aa arbeida. Rolleiv fór til Une og sa at det var so utrivelegt der i dalen, endaa dei prøvde aa trøya seg so godt dei kunde; »no tykkjer eg det kunde høva,« sa han, »at eg vert maagen din, og fær dotter di til kona, so kunde det minka med uvenskapen i grannelaget òg.« Une svara at Rolleiv hadde ikkje slikt huglynde at han kunde faa ei god kona; han hadde ikkje fare aat so; han svara nei, og dotteri kunde nok verta gift likevel ho, meinte han. »Det var ei uklok raad; so skal ho verta frilla mi; det kann vera godt nok aat henne,« sa Rolleiv. Sidan fór Rolleiv og gjekk der og tala med Rodny; soleis gjekk det ei rid, endaa frendarne hennar var imot det.

XIX.

Ein gong daa Rolleiv laga seg til aa fara heim, sa Une til Odd, son sin: »Det er for gale av oss at me læt denne mannen gaa og koma som han vil; daa eg var ung, var eg ikkje so rædd; daa slost eg med Kolbein og vann yver honom, endaa han var ein megtig hovding; men denne her gjer oss berre skam.« Odd svara at

det var ikkje so greidt aa koma ut for ein slik forgjord fyr som han eller ei trollkjering som mor hans; folk sa han hadde ei kufta som det ikkje beit vaapen paa; men han skulde no fyrst leita upp Rolleiv, sa han, og det gjorde han. Uppe paa fjellet millom dalarne møttest dei. Odd sa: »Du gaar tidt denne vegen du; me saag helst at du ikkje gjorde det.« Rolleiv svara: »Alt sidan eg var 9 aar hev eg sjølv raadt for kvar eg skulde gaa, og det vil eg gjera enno; eg bryr meg ikkje um kva du segjer, og det skulde vel vera raad til aa gaa her for di um du renner etter vegarne.« Odd meinte han skulde vel faa svar. Rolleiv gjekk heim og sa aat mor si at ein av trælarne maatte skofta arbeidet og vera med honom naar han var ute og gjekk, »for no tek dei aat aa verta nærgaaande,« sa han. Ljot svara at trælen gjerne kunde fylgja honom; »men bry deg ikkje um kva slike smaafolk segjer; du kann berre taka paa deg kufta di og prøva kva ho duger til.«

Sidan tala Odd med far sin og sa at han vilde i veg aa raaka Sæmund og fortelja honom alt dette. Une meinte det var best aa gjera noko med dette so snart som raad var. Odd fór no til Sæmund og sa: »Denne Rolleiv, frenden din, som du sende burt til oss, hev me havt mykje skam av; men me hev ikkje gjort noko vidare med det, med di han er din frende.« Sæmund svara at dette ikkje kom uventande og at det var godt um ein vart av med slike karar. Odd meinte det var ikkje sagt han vilde tykkja so naar det ein gong var gjort, endaa det var ein fyr som berre vilde folk vondt, »og naar det ikkje er gjort noko med honom, er det berre av vyrdnad for deg.« Med det fór Odd heim. Une sa: »Det ser ut som me ikkje vert av med Rolleiv; du Odd fær no gjera noko med dette; du er ung og rask;

men eg er gamall og utsliten; um han er ein hardkar og mor hans ei trollkjering, so kann det no ikkje gaa so lenger.« Odd svara og sa at han skulde sjaa kva han kunde gjera. Ein kveld fekk Odd med seg fem mann og la seg paa lur etter Rolleiv. Rolleiv og ein til kom gaaande. Daa spratt Odd upp og sa: »Denne gongen skal du faa hindringar paa ferdi di, Rolleiv; kann henda illska gjev seg naar du fær band paa foten.« Rolleiv meinte det var uvisst kven som fekk mest gleda av dette møtet, endaa dei var mannsterkare enn hann; det kunde gjerne bløda nokon av deim. Dermed rende dei paa kvarandre og slost. Rolleiv var hard og sterk. Han hadde den kufta som mor hans hadde gjort, og som det ikkje beit jarn paa. No er aa fortelja at Odd drap Ljot, [1]) som fylgde Rolleiv, og so sette han innpaa Rolleiv og sa: »Vaapni bit ikkje paa deg, og eit uting er du med trollskapen din og all di aatferd.« Dermed hogg Odd Rolleiv i foten nedanfor kufta; »no hadde du ingi hjelp i trollkufta di,« sa han. Rolleiv hogg daa til Odd og gav honom banesaar; ein til drap han; men dei tri andre kom seg undan. Dette hende seint ein kveld ovanfor garden hans Une. Rolleiv kom heim til mor si og fortalde henne at det var gaatt motstandarane hans ille. Ho var glad for di at bønder eller sønerne deira ikkje skulde faa leggja seg meir burt i ferderne hans, eller gjeva honom vondord. »No hev Odd faatt løn for fantordi sine, daa han sa at eg ikkje var nokon gjæv mann; eg spaadde honom daa me møttest at han ikkje skulde ha æra av møtet vaart, og soleis gjekk det òg,« sa Rolleiv.

---

[1]) Landnaamaboki segjer at det var Ljot systkinbarnet hans.

XX.

Une fór til Hovda-Tord og fortalde honom ulukka, at Odd son hans var drepen, og bad honom hjelpa seg til aa faa rett i den saki; »det er no til æra for deg òg at ikkje ransmenner fær raada her i bygdi.« Det var sant det, meinte Tord; det var ikkje so greidt; men Sæmund fekk jaga frenden sin or bygdi eller sjaa til aa ha ei raad med ugjerningarne hans; han var nærast til det, sa Tord. Sidan fór dei til Sæmund og bad honom faa greida paa denne saki, og sa at det sømde seg best, og det lova Sæmund. Garden vart no teken fraa Rolleiv, og det vart sett nokre menner til aa styra med han, og Rolleiv og mor hans fór til Sæmund. Paa tinget um vaaren vart saki avgjord soleis, at Une tok jordi hans Rolleiv i bøter, og Rolleiv sjølv vart lyst fredlaus i bygdi, so vidt som vatnet renn aat Skagafjorden.

Sæmund mintest no den gamle venskapen millom honom og Ingemund, og daa dei møttest, sa Sæmund: »Det er no so, fostbror, at det er komen ein mann til meg, som ikkje er so greid aa koma ut for; men han er no frenden min og heiter Rolleiv. Eg vilde gjerne at du tok imot honom og mor hans og lét deim faa heimvist hjaa deg.« Ingemund svara: »Dei hev ikkje noko godt ord paa seg; eg hev ingen hug til aa taka imot deim; men du tykkjer eg er lite beinsam og ikkje fer aat sømeleg um eg segjer nei; men det høver no maatelegt heime dette, for eg hev nokre søner som ikkje er so spaklynde av seg.« Sæmund sa at han hadde lukka med seg, og at det gjekk godt med dei fleste som var hjaa honom. Det fekk ein no sjaa, dersom dette gjekk vel, meinte Ingemund. Sidan flutte Rolleiv og Ljot, mor hans, til Ingemund — so ille lika som dei var.

XXI.

Rolleiv og mor hans var no hjaa Ingemund tvo eller tri aar; men dei skifte ikkje huglyndet sitt, korkje mot sønerne hans Ingemund eller mot andre; dei var misnøgde med dette, og aller mest Jokul, for dei hadde mange so harde leikar at dei mest skamfór kvarandre. »Det var ille at Sæmund sende desse hit,« sa Jokul, »men eg sæter det ikkje stort, naar det berre ikkje vert verre, og eit slikt uting til menneskje skal no aldri raada paa oss.« Det var ingen skilnad paa deim i vokster og styrke, og dei var baae overlag sterke. »Det er gale av deg, Rolleiv,« sa Ingemund, »at du ikkje kann styra sinnet ditt og løna godt med godt. Eg ser at dette kann ikkje gaa lenger; du skal faa ein bustad her uppe i Aas.« »Det tykkjer eg meir mun i enn aa gaa her millom dei vonde sønerne dine,« sa Rolleiv. »Det er leidt aa senda deg burt,« sa Ingemund, »for det hev eg aldri gjort, naar eg fyrst hev teke mot ein mann.« Sidan vart det verre, meinte Torstein. Ingemund bygde no ein gard i Aas aat Rolleiv og mor hans, og der budde dei lenge; men Rolleiv meinte han var like god kar han som sønerne hans Ingemund.

I denne tidi kom det tvo brør ut til Island; den eine heitte Hallorm og den andre Tororm, og dei var rike menner. Dei var hjaa Ingemund um vinteren. Hallorm fridde aat Tordis, dotter hans Ingemund, og fekk ja. Ingemund sa det vilde vera stor studnad i honom som var so rik. Ho vart kona hans og fekk Karnesland [1]) i heimanfylgja. Dei fekk ein son som heitte Torgrim. Tororm budde paa Nedre Tunga i Videdal [2]), Tormstunga som dei sidan kalla det.

---

[1]) Karnesland, i Landnaamaboki staar Kornsaaland.

[2]) Videdal, som det staar i skinnbøkerne rettar G. V. til Vatsdal.

XXII.

Dei fortel at dei fanga mykje fisk i Vatsdalsaai, baade laks og annan fisk. Ingemundssønerne skifte gardsarbeidet millom seg, for det var vis i den tidi at borni aat storfolk skulde taka seg til noko. Det var dei fire brørne Torstein, Jokul, Tore og Hogne som dreiv og fiska; men Smed heldt paa med noko anna. Brørne gjekk til elvi og fekk mykje fisk. Rolleiv vart den same og livde i uvenskap med alle grannarne sine, og aldri hadde nokon av venerne raadt Ingemund til aa taka mot honom. Ingemundssønerne var svært misnøgde med det at Rolleiv skulde liva paa deira kostnad og berre løna med vondt, og sa at det var reint gale av far deira at han tok mot honom. Hovsmennerne og Rolleiv fiska i lag; det var avtala at Rolleiv skulde faa fiska naar ikkje Ingemundssønerne, eller nokon av deira folk, var der; men det brydde han seg ikkje um; han gjekk etter sin eigen range vilje og ikkje etter avtalen. Ein gong drengjerne hans Ingemund kom til elvi, sa dei aat Rolleiv at han skulde ha seg undan der dei hadde sett ut garn. Rolleiv meinte at han brydde seg ikkje um kva trælar sa. Dei svara og sa at det sømde seg ikkje aa setja seg upp mot mennerne paa Hov; andre kunde han vel raada med, men ikkje deim. Rolleiv bad dei skarve trælarne forda seg og ikkje staa der og hota folk. Soleis skjente han ut deim og jaga deim der ifraa, endaa dei ikkje hadde gjort honom noko. Dei sa: »Du fer stygt aat, so mykje godt som Ingemund hev gjort mot deg; han hev gjeve deg gard og fiskerett og mykje anna godt, og du hev vore halden for ein fyr som ikkje noko rettelegt folk kunde vera i lag med.« Rolleiv svara at han var ikkje nøydd til aa gaa

fraa elvi for nokre trælar; dermed kasta han til ein stein aat ein av deim so han fall i uvit; han lét, det nytta deim ikkje aa staa og bruka kjeft. Folk sat og aat daa dei kom setjande heim. Ingemund spurde kva som stod paa. Dei fortalde at dei hadde vorte slegne og utskjente og jaga fraa elvi av Rolleiv. Jokul sa: »Han vil vel verta gòde i Vatsdal og fara med oss som han hev gjort med andre fyrr; men det skal aldri henda at denne djevelen skal kua oss.« Torstein stod til at det gjekk alt for vidt, men meinte det var best aa sjaa seg litt for i denne saki; det var reint ille at dei kom til aa taka mot Rolleiv. Dei hadde god grund for dette, sa Ingemund, men det var no best um dei kunde forlikast; det var ikkje greidt aa ha noko aa gjera med den karen; han var forgjord, og berre vondt kunde ein venta seg av honom. Jokul sa han vilde sjaa um han ikkje kunde faa honom fraa elvi, og dermed rende han fraa bordet og ut. Ingemund sa: »Du Torstein, eg lit mest paa deg; gaa og ver med brørne dine.« »Eg veit ikkje um det er lett aa stagga Jokul; men eg vil ikkje staa og sjaa paa, naar han slæst med Rolleiv,« svara Torstein.

Daa dei kom burt aat elvi, saag dei at Rolleiv stod uti elvi og fiska. »Or elvi med deg, din djevel!« ropte Jokul; »og vaaga deg ikkje i strid med oss! eller vil du me skal prøva styrken vaar til gagns?« Rolleiv svara: »Endaa de er tri eller fire, vil eg halda paa med mitt, um du bannar aldri so mykje.« »Du lit paa trollskapen aat mor di, ditt uting, dersom du aaleine vil forbjoda oss alle aa fiska.« Jokul fór daa ut i elvi aat honom; men Rolleiv vart staaande. Torstein sa: »Ver ikkje so strid, Rolleiv! det er ille for deg sjølv, og um me ikkje fær retten vaar av deg, daa kunde det henda at fleire fekk umgjelda for

det; det nyttar ikkje heider at du skapar deg rang og vil raada yver folk.«

»Lat oss drepa dette beistet,« sa Jokul. Daa gjekk Rolleiv i land. Der laag noko stein, og han gav seg til aa kasta etter deim, og dei paa honom, tvert yver elvi; sume skaut; men Rolleiv fekk ikkje noko mein. Jokul vil yver elvi paa ein annan stad og setja inn paa honom; det var ei stor skam um dei ikkje vann paa honom, sa han. Torstein sa: »Eg tenkjer det er rettast me dreg oss attende hit og passar oss sjølve; det er betre det enn aa koma i klørne paa honom og mor hans, for eg trur ikkje at ho gjev seg, og det er skilnad paa aa strida med rettelegt folk og slikt trollty.« Jokul meinte han brydde seg ikkje um det, og prøvde aa koma yver elvi; men brørne hans skaut og kasta paa Rolleiv.

No kom ein mann rennande til Hov og fortalde Ingemund at det stod ille til, dei slost tvert yver elvi, »og det er ikkje mange som kann mæla seg meg grannen din,« sa han. Ingemund sa: »Legg salen paa hesten min, eg vil rida dit.« Ingemund var daa gamall og mesta blind; garden og alt han aatte hadde han gjeve fraa seg. Han fekk ein gut med seg til aa leida hesten. Ingemund hadde blaa kaapa. Daa dei kom til elvebakken, fekk sønerne sjaa honom. Torstein sa: »No er han far komen; lat oss draga oss attende, so trur han me gjer etter hans vilje; men eg er rædd, naar han kjem,« og so bad han Jokul styra seg. Ingemund reid burt til elvi og sa: »Gaa fraa elvi, Rolleiv, og tenk paa kva som sømer seg.« Daa Rolleiv saag honom, kasta han eit spjot og raaka honom midt i livet. Daa Ingemund hadde faatt stikket, reid han attende til bakken og bad guten fylgja seg heim. Sønerne sine møtte han ikkje. Daa dei kom heim, leid det langt paa kveld. »Eg

hev vorte styrd,« sa Ingemund daa han skulde av hesten, »me gamle vert so ustøde paa fotom.« Med det same guten tok imot honom, høyrde han det lét i saaret, og han saag at spjotet stod midt igjenom honom. Ingemund sa: »Du hev tent meg trufast lenge; gjer no som eg bed deg; det er ventande det er siste gongen eg bed deg um noko. Reis i veg og seg Rolleiv at eg tenkjer at sønerne vil taka hemn for far sin, fyrr morgonen kjem; det er best for honom at han fer burt fyrr det vert ljost; dauden hans er ingen hemn for meg, og det sømer seg for meg aa verja honom som eg ein gong hev teke mot, so lenge eg hev noko aa segja, same korleis det sidan gaar.« Dermed braut han skaftet av spjotet og fekk guten til aa hjelpa seg inn; han sette seg i høgsætet og sa at dei ikkje skulde kveikja ljos fyrr sønerne hans kom.

Guten kom til elvi og saag ein heil hop med laks som Rolleiv hadde fanga. »Ein hund er du, det er visst og sant,« sa guten, »du hev gjort det som me aldri kann gjera godt att: drepe Ingemund bonde. Han bad meg segja deg at du skulde fara burt fyrr morgonen kjem, for han trudde at sønerne vilde leita upp deg og taka hemn for far sin. Dette gjer eg for di han bad meg, og ikkje for di eg ynskjer aa spara deg for øksi aat brørne.« Rolleiv svara: »Eg trur det du segjer; men hadde du ikkje fortalt denne tidendi, so skulde du aldri ha kome heilskinna herifraa.«

XXIII.

No er aa fortelja um Ingemundssønerne at dei fór heim um kvelden; dei tala um Rolleiv og tykte han var ein makelaus fyr. Torstein sa: »Enno veit me ikkje nøgje kva vondt me hev røynt

av honom; det rinst for meg at det er hendt far vaar noko.« Daa dei kom heim, gjekk Torstein inn i eldskaalen; her glatt han og tok for seg med handi. Han spurde husmori kvifor det var vaatt der. Ho svara at det hadde visst drope av klædi hans Ingemund. »Det er haalt som blod; tend ljos straks!« sa Torstein, og det vart gjort. Der sat Ingemund daud i høgsætet sitt, og spjotet stod igjenom honom. Jokul sa: »Det er vondt aa vita um ein so gjæv mann, at eit slikt illmenne skulde verta banemannen hans. Lat oss straks i veg og drepa honom.« Torstein svara: »Du veit ikkje kor god han far var, naar du ikkje trur at han prøvde aa hjelpa honom undan, eller kvar er guten som fylgde far?« Dei saag honom ikkje. Torstein sa: »Ikkje trur eg at Rolleiv er aa finna heime no, og me maa tenkja oss um og ikkje taka det for braadt med leitingi. Og det fær me trøysta oss med, at det er stor skilnad paa far vaar og Rolleiv, og det kann far njota godt av hjaa honom som hev skapt soli og all heimen, kven det no er, for nokon maa det vera som hev gjort det, det er greidt.« Jokul var so sint at dei knapt kunde styra honom. Med det same kom guten inn og fortalde ærendet sitt. Det hadde ikkje vore trong til det, meinte Jokul; men Torstein sa dei kunde ikkje vera vonde paa guten for det; han hadde berre gjort som far deira sa. Ingemund vart lagd i baaten som høyrde skipet Stigande til og gravlagd med stor stas, soleis som det daa var vis med storfolk.

Dette spurdest no vidt, og alle tykte, som ventande var, at det var ei stor og syrgjeleg tidend. Torstein sa aat brørne sine: »Eg tenkjer det er rettast at me ikkje set oss i sætet hans far, korkje heime eller i gjestebod, so lenge me ikkje hev faatt hemn for far.« So gjorde dei, og dei møtte sjeldan upp der det var leikar eller andre samko-

mor. Men daa Øyvind Sorkve fekk vita dette, sa han aat fostson sin: »Far og fortel Gaut, venen min, kva eg tek meg til; eg ventar han gjer like eins.« So drog han sverdet sitt undan kappa og stupte seg ut yver det og døydde. Daa Gaut spør dette, segjer han: »Venerne hans Ingemund hev ikkje noko aa liva etter lenger; eg gjer som Øyvind, venen min;« dermed køyrer han sverdet i brjostet paa seg og drep seg. Sønerne hans heitte Hermund og Romund den halte, som me sidan skal høyra.

XXIV.

Lat oss no fyrst høyra korleis det gjekk Rolleiv. Daa han raaka mor si, fortalde han henne kva som hadde hendt. Ingen kunde liva lenger naar tidi hans var komi, og Ingemund var no ein gamall mann, sa ho; »eg vil raada deg til aa fara burt med det same, for hemnhugen er sterkast straks etter draapet[1]); kom so hit att naar eg hev von um at mine raader kann ha framgang; men enno veit eg ikkje kva som er sterkast, klokskapen og lukka hans Torstein eller mine paafunn,« sa ho.

Sidan fór Rolleiv nord til Skagafjorden og kom til Sæmundarlid. Sæmund var daa daaen, og Geirmund hadde teke med eigedomarne; bror hans heitte Arnald. Geirmund spør etter nytt, og Rolleiv fortel at Ingemund bonde paa Hov er daaen. Geirmund sa: »Daa er ein god mann daaen; men korleis døydde no han?« »Dei skaut til maals paa honom,« sa Rolleiv, og so fortalde han korleis alt var gaatt til. Daa segjer Geirmund: »For ei ulukka du hev valda! gaa burt med deg din skarv,

---

[1]) eigenleg: blodnæterne er braadast.

og kom aldri att!« Rolleiv sa han vilde ikkje fara burt. »Her vil eg verta drepen, so fær du skammi,« sa han, »eg hev ikkje gløymt at han far fall i heren aat far din og hans Ingemund, og det kann eg takka deg og dine for.« Det var mange gjæve menner som hadde falle i strid, meinte Geirmund, og so snart som Ingemundssønerne kom, skulde dei faa taka honom, sa han. Han kunde venta det — og det som verre var òg, sa Rolleiv. Han heldt seg no gøymt i eit bur.

Ingemundssønnerne heldt seg heime um vinteren; dei sat paa nedste benken; dei fór aldri til leikar og ting, og svært sorgfulle var dei. Ei stund fyre sumaren kalla Torstein brørne sine saman og sa aat deim: »Eg tenkjer me alle er samde um at me hev eitt aa gjera: det er paa tidi aa sjaa til aa faa hemn for far vaar; det er ingi lett sak; eg tykkjer at den som finn paa den beste raadi, han skal faa velja seg ein av dei gildaste ting av eigedomarne vaare.« Dette samtykte dei i og sa at han sjølv som var klokast av deim, maata best til det.

XXV.

Ein morgon var Torstein tidleg paa føterne og sa aat brørne sine: »No skal me sjaa nord i bygderne her, kva me der kann gjera.« So drog dei i veg, og det var ikkje fleire i fylgje enn dei fem brørne. Paa kveldsida ein dag kom dei til Geirmund. Han tok svært gjestmildt imot deim, og dei var der um natti. Um morgonen sa Torstein aat brørne sine at dei kunde spela tavl um dagen, so skulde han tala med Geirmund. Dei gjorde so. Torstein sa no aat Geirmund: »Me brørne er komne hit og vil leita etter Rolleiv, av di

me trur han er her hjaa deg; du er no nærast til aa hjelpa oss, for det var du som sende burt til han far denne tullingen som hev gjort so mykje vondt — eg veit vel det var ikkje med din vilje; han hev no heller ingen andre gode frendar enn deg.« Geirmund svara: »Alt dette er sant, og du hev leitt med umtanke; men Rolleiv er ikkje her no.« Torstein sa: »Eg trur det er sannare at han sit ute i uthuset ditt. Tak no her eit hundrad i sylv og lat honom koma burt; eg skal daa stella det so at han ikkje vert teken her paa dine eigedomar, so ingen skal lasta deg; men me vil daa leita etter honom, endaa det er ein klen hemn for far vaar; seg honom at du ikkje trøyster deg til aa gøyma honom for oss, og soleis verta vaare uvener, og at du heller vil liva i venskap med oss.« »Eg skal staa til at han er her, so fær kvar døma som han vil,« sa Geirmund, »eg skal fylgja di raad og beda honom fara burt; so kann de leita etter honom naar han er reist fraa meg.« »So skal det vera,« segjer Torstein. Geirmund gjekk no til Rolleiv og sa: »No er Ingemundssønerne her og leiter etter deg; du kann ikkje vera lenger her hjaa meg; eg vil ikkje vaaga liv og gods for deg og dine vonde gjerningar; for dei brørne, det er folk som hev baade vit og tøte.« »Det var ventande at ikkje du fór aat paa folkevis; utakk skal du ha for hjelpi di, og ford deg no burt straks!« svara Rolleiv. »Det skal eg gjera,« svara Geirmund. So gjekk han til Torstein og sa: »Eg tykkjer det var best for meg, at de ikkje tok det for braadt; sit her i dag no.«

Det gjekk Torstein med paa.

Dagen etter gjorde dei seg ferdige og fór vest yver fjellskardi; det hadde vore linnvêr um dagen, og dei saag fotfar i snøen. »No skal me setja oss ned,« sa Torstein, »so skal eg fortelja samtalen

millom meg og Geirmund; eg vart var at Rolleiv var der.« Jokul sa: »Du er ein underleg kar, du vilde sitja roleg naar banemannen hans far var tett attmed; hadde eg visst det, so hadde eg aldri halde meg roleg.« »Det kunde henda det sømde seg betre at me ikkje blandar Geirmund upp i denne saki,» sa Torstein; »no skal me gjera fulle dagsreiser og sjaa at me ikkje kjem seinare vestetter enn han; for han hev teke vegen heim; no vil Ljot, mor hans, blota mot sumaren, so som dei bruker, og fær ho blota fyrst, so fær ikkje me nokon hemn.« »So maa me skunda oss,« sa Jokul, og han gjekk fyrst av deim alle etter stigen; daa saag han att og sa: »Det er ille med den mannen som er slik stakar i vokster og tiltak som han Torstein, bror min; me fær ingen hemn, for me kjem daa ingen veg!« »Det hev no ikkje synt seg enno kva som hjelper mest av mine raader og ditt hastverk,« svara Torstein. Seint um kvelden kom dei ned til garden paa Hov, der folk sat og aat.

XXVI.

Torstein raaka sauegjætaren sin ute og sa aat honom: »Far til Aas, du, og banka paa døri, og so ansar du etter kor fort dei kjem burt aat døri; medan kann du syngja ei visa; gjer deg til ærend aa spyrja etter sauerne, og spør dei um me er komne heim, so seg nei.« Gjætaren gjekk og kom til Aas; han banka paa døri; men ingen kom burt aat, fyrr han hadde sunge tolv vers. Daa kom ein av drengjerne ut og spurde kva som stod paa, og um brørne var heimkomne. Nei, dei var ikkje det, svara den andre; men han skulde høyra um dei hadde sét noko til sauerne hans.

Dei var ikkje komne der, sa drengen. Gjætaren fór no heim og fortalde kor mange vers han hadde sunge. Daa hadde han stade ute so lenge at dei kunde ha havt for seg mangt inne medan, sa Torstein, »slapp du ikkje inn?« spurde han. Jau, han hadde vore inne og sét seg um. »Lyste det eld paa aaren?« spurde Torstein. Det saag ut som det nyst hadde vore tendt, svára han. »Du saag ikkje noko uvanlegt i huset?« spurde Torstein. Han svara at han hadde sét ein stor dunge, der det stakk fram eit raudt klæde. Torstein sa: »Der hev du sét Rolleiv og blotklædet hans, og no maa me fara dit; lat oss gjera oss ferdige straks og sjaa kva me kann finna paa.« Dei fór av stad og kom til Aas og saag ingi folk ute. Det var uppmura ved attmed veggen paa baae sidor aat huset. Dei saag eit lite hus staa utanfor døri, og imillom døri og huset var det eit led. Torstein sa: »Dette er vel blothuset, og hit hev vel Rolleiv tenkt seg naar ho er ferdig med trollskapen ho emnar paa, og det hadde eg ikkje brytt meg um; gaa no de burt i kroken attmed huset, so skal eg setja meg uppfor døri med denne kjeppen i handi, og kjem so Rolleiv ut, so skal eg kasta kjeppen burt aat dykk, og daa skal de koma springande fram aat meg.« »Det er greidt aa sjaa,« sa Jokul, »at du vil vinna æra med dette som med alt anna; det gaar eg ikkje med paa, og eg vil sitja med kjeppen.« Torstein svara: »Du fær ha viljen din, so gale det er, for eg er rædd du forgjer deg paa eikor visi.« Jokul sette seg paa vedhaugen. Straks etter kom det ein mann ut og kika attmed døri; men han saag ikkje mennerne som var komne. So kom det ut ein mann til, og enno ein, og det var Rolleiv. Jokul kjende honom vel og snudde seg so braadt at vedhaugen raud ned. Likevel fekk han kasta kjeppen til brørne

og sprang so ned av huset og fekk i Rolleiv, fyrr han kunde koma seg undan. Dei var jamsterke og rulla baae utyver bakken og laag under ymse gongerne. Daa brørne kom burt aat, sa Hogne: »Kva er det for djevelskap som kjem setjande mot oss her?« »Der fer kjeringi Ljot, og underleg hev ho skapa seg til,« sa Torstein. Den eine foten sette ho yver hovudet paa seg og fór baklengjes og rette hovudet att millom føterne; stygge trollslege augekast hadde ho. Torstein sa aat Jokul: »Drep no Rolleiv! det hev du lenge stade etter.« »Det er raad til det no!« sa Jokul, og dermed hogg han hovudet av honom og ynskte honom alt vondt. »Jau, no hadde eg nær faatt hemn for Rolleiv, son min; men Ingemundssønerne hev no lukka med seg, dei,« sa Ljot. »Kva hev du til merke paa det?« spurde Torstein. »Eg skulde ha snutt um heile landskapet,« svara ho, »so de skulde ha vorte fortulla og rent som ville dyr etter vegarne soleis hadde det gaatt òg, dersom eg hadde sét dykk fyrst, og ikkje de meg.« Torstein meinte det var von til at lukka vilde skifta deim imillom. Sidan drap dei kjeringi Ljot, og ho døydde i trolldomen sin, og korkje ho eller sonen hennar er nemnd meir i denne soga.

XXVII.

Etter at Rolleiv og Ljot var drepne, fór brørne heim og vart mottekne med stor gleda. Ei stund sidan sa Torstein aat brørne sine: »No trur eg at eg hev rett til aa velja meg ein gild ting av eigedomarne vaare.« Det samtykte dei i. »Daa vèl eg garden paa Hov med jord og buskap.« sa han. Dette kunde no ikkje kallast ein gild ting, meinte dei andre, og det var stridvore tilteke. Jord og

buskap maatte no fylgjast aat, meinte Torstein, »og um de tykkjer det er stridt, so fær de koma i hug at det sømer seg best at me er forlikte, og det kjem no helst paa meg aa syta for det; men her er fleire gilde ting som eg unner dykk vel.« Dei skulde no til aa skifta. Skipet Stigande fall paa Hogne, for han fór paa handelsreiser; Tore Hafrstjo fekk gòdordet, og Jokul sverdet Ættartange; det hadde han med paa leikar og hesteting; men Torstein bar det paa heradsting og lovmøte, for Jokul vilde det so. Tore sa at han unnte Torstein den største æra i rettarsaker, endaa han sjølv hadde gòdordet. Torstein sa: »Det er greidt aa sjaa at de brør unner meg æra i alle ting, og um eg no hev valt garden, so unner eg dykk gods i staden, og no tykkjer eg me set oss i høgsætet hans far,« og so gjorde dei. Torstein vart hovding yver vatsdølerne og Vesterhop og alle dei bygderne som far hans hadde raadt yver. Kona hans Torstein heitte Turid Gydja; ho var dotter hans Solmund Gudmundsson, far hans Viga-Barde. Det var svært so hævt aa vera svaagrar med vatsdølerne i den tidi. Jokul budde paa Tunga, Smed paa Smedstad og Tore Hafrstjo paa Nautabu, der dei no kallar det Undunfjell.

XXVIII.

No er aa fortelja um ein mann som fyrr var nemnd, ein som heitte Torolv Sleggja. Det var ein uroleg mann; han stal og gjorde mangt anna gale. Han var ei stor plaaga for folk i bygdi, og alt vondt kunde ein venta av honom. Han var ikkje mannsterk; men han hadde likevel det han skulde lita paa, og det var tjuge kattar; dei var overlag store; alle var svarte, og fortrolla var dei.

Folk gjekk no til Torstein og fortalde honom naudi si, for det var han som skulde styra i bygdi; dei sa at Torolv hadde stole fraa mange og gjort mykje anna gale. Det var sant det dei sa, svara Torstein; men det var ikkje greidt aa ha noko aa gjera med ein slik forgjord fyr og med kattarne hans, og han vilde gjerne spara sine folk for slikt. Dei andre meinte at han for si eigi æra maatte gjera noko med dette. Etter dette samla Torstein folk, for han vilde vera mannsterk. Brørne hans og ein austmann han hadde hjaa seg. Dei fór til Sleggjustad. Torolv brydde seg ikkje um deim, for han vilde aldri ha gode folk hjaa seg. Daa han saag dei kom ridande, gjekk han inn og sa: »No skal me taka mot gjester; det tenkjer eg kattarne mine gjer; eg set deim alle ut i døri; det skal daa verta vandt aa koma inn, so lenge dei vèr døri.» So fortrolla han deim dugelegt; daa vart dei reint fæle og jamla og rengde augo. Jokul sa aat Torstein: »No tok du ei god raad, naar du ikkje lét denne djevelen sitja i fred lenger.« Dei var 18 mann. »No skal me gjera upp eld,« sa Torolv, »eg bryr meg ikkje um røyken; for vatsdølerne vil ikkje fara fredeleg fram « Dermed sette han ein kjel yver elden og bar under ull og all slag skrap, og huset vart fullt av røyk. Torstein gjekk burt aat døri og bad Torolv koma ut. Han svara at dei hadde vel berre eitt ærend, og det var vel ikkje fredelegt. Daa tok kattarne til aa jamla og bera seg stygt. »Dette var ein fæl hop,« sa Torstein. Jokul svara: »Me gaar inn aat deim og bryr oss ikkje um desse kattarne.« Det skulde dei ikkje gjera, sa Torstein; det var trulegt at folket deira ikkje kom uskadt fraa det, naar dei vart ute baade for kattarne og vaapni hans Torolv, »for han er ein hardhaus, og det var best um han

vilde gjeva seg godviljugt og gaa ut, for han hev so mykje aa leggja paa elden at han vil ikkje halda ut aa vera inne.« Torolv reiv kjelen av elden og kasta burtpaa ullhaugen; daa vart det so stram ei røyklugt at dei utanfor ikkje kunde koma alt for nær døri. Torstein sa: »Agta dykk for kattarne, so dei ikkje slær kloi i dykk; lat oss no setja elden paa husi.« Jokul tok ein stor brand og slengde han mot døri; kattarne for undan, og døri datt yver ende. Veret stod inn i huset, og baalet tok til aa veksa. Torstein sa: »Lat oss staa utmed gjerdet der røyken er sterkast og sjaa kva han daa tek seg til, for han hev meir aa nøra elden med, so det kann ikkje vara lenge.« Torstein var sannspaadd. Torolv sprang daa ut med tvo kistor fulle med sylv, og fór med røyken til han kom aat austmannen. »Der fór fienden, og illsleg er han,« sa austmannen og sette etter honom nedetter aat Vatsdalselvi. Torolv kom aat nokre djupe hol eller ei blautmyr; der vende han seg aat den andre og greip honom og tok honom under armen. »Du kjem fort du; lat oss no fylgjast aat!« sa han, og dermed rende han ut i myri; dei sokk baae, og ingen av deim kom upp att. Torstein sa: »Det var retteleg ille at austmannen min strauk med; men det er daa ei trøyst at godset hans Torolv vert nok til bøter.« Det tok dei no. Der Torolv budde, heiter det no Sleggjustad. Kattarne saag dei jamnast, og folk tykte gjerne det var illslegt der sidan. Denne garden er nedanfor Helgavatn.

XXIX.

Maa Jorundson flutte fraa Grund til Maastad. Millom honom og Ingemundssønerne var det god

frendskap. Det hende ein haust at det kom burt nokre sauer for Maa; dei leitte vidt og breidt, men fann deim ikkje. Ein mann dei kalla Torgrim Skinnhuva budde paa Hjallaland. Han var kunnig i trollskap og anna vondt. Det var mykje tal um kor det kunde ha vorte av sauerne, for dei tykte dei kunde ikkje mistenkja nokon der i dalen. Ein kveld daa sauegjætaren kom heim, spurde Maa um nytt. Han fortalde at sauerne hans var funne; dei hadde ingen ting kome til; »men med dette er noko anna kome upp: inne i skogen fann eg ein stad der det var overlag god jord; der hev sauerne vore, og feite er dei vortne.« Maa spurde um jordi høyrde honom til eller andre. Den andre svara at han trudde jordi maatte høyra honom til; »det ligg no attmed jordi aat Ingemundssønerne; men det er berre fraa di jord ein kann koma dit.« Maa saag yver jordstykket; han tykte det var godt og tok det aat seg. Torgrim meinte dei maatte vel faa ha det for Ingemundssønerne. Daa Torstein spurde dette, sa han: »Eg er rædd Maa, frenden min, er for hard paa meiningi si i dette; han unner oss knapt lov og rett.« Lite etter raaka Jokul Torstein, bror sin; dei kom til aa tala um mangt, og Jokul sa det var underlegt um folk skulde faa rana fraa deim der i dalen; »mykje skade gjer slike skarvar som han Torgrim Skinnhuva; det var høvelegt han fekk løn for det, so som han terrar oss.« Torstein sa at det var ikkje verdt aa spara den karen; men han visste ikkje um han var so lett aa raada med. Han raadde no til at dei skulde fara til Torgrim, og Jokul var straks ferdig; men daa Torgrim vart var det, fór han til Maa; dei helsa venleg paa kvarandre. Torgrim lést ha det braadt um; »Ingemundssønerne kjem her«, sa han. Maa spurde korleis han visste det. Torgrim svara: »Dei kom setjande til garden

min og vilde drepa meg; eg veit no jamnast meir eg enn anna folk.« Daa brørne kom til garden, sa Torstein: »Denne Torgrim er ein lur fyr; no er han ikkje heime.« »So kann me daa gjera noko gale her,« sa Jokul. Torstein vilde ikkje det; folk skulde ikkje segja at dei hadde teke godset hans, men ikkje faatt tak i honom sjølv.« Dermed fór dei heim.

Ein gong sa Torstein aat brørne sine: »Eg hadde hug til aa sjaa um me ikkje skulde faa tak paa Torgrim.« »Eg er ferdig,« sa Jokul. Men Torgrim fór til Maa og sa: »Enno hev ikkje Ingemundssønerne gløymt meg; eg vilde gjerne at du skulde vera med meg heim; daa skal dei faa sanna at eg torer bia deim heime.« Maa fór no dit og møtte Ingemundssønerne i tunet daa dei kom ridande til gards. »Det gaar ikkje som det skulde med venskapen vaar, Maa,« sa Torstein, »me skulde gjeva etter litt paa baae sidor, og du skulde ikkje lata slike range karar som berre vil yppa kiv med oss, faa setja seg ned her.« Det var greidt aa sjaa at det ikkje var venlege gjester, sa Maa, og han vilde ikkje retta seg etter deim, han. Jokul tykte det var best dei prøvde styrke med kvarandre; men Torstein var ikkje huga paa aa koma i trætta med frendarne sine; men det kunde vel henda, dersom dei ikkje fekk retten sin, sa han. Dei fór no burt, for dei kunde ikkje faa i Torgrim for trollskapen hans, og for di Maa stod imot. Soleis stod det no med saki ei stund, anten for di Torgrim strauk burt fraa garden sin, eller for di Maa sat der so mannsterk.

I denne tidi kom Hogne Ingemundsson ut til Island med Stigande, skipet sitt; han var hjaa Torstein um vinteren og fortalde merkelege ting som hadde hendt honom paa ferderne hans. Han

hadde aldri kjent so makelaust eit skip som Stigande, sa han.

Det vart mykje tal i heradet um saki millom frendarne. Jokul raaka ofte Torstein, bror sin, og spurde um han vilde gjeva etter for Maa enno lenger. »Det skal eg ikkje gjera lenger,« sa Torstein; »no skal me leita upp Torgrim; men eg hev ingi god tru um korleis det gaar.« Brørne gjorde seg ferdige og fór heimanfraa ein dag; dei var i alt fem og tjuge mann med dei fem brørne. »No er det noko vondt i emning; Ingemundssønerne er her snart,« sa Torgrim; han tok klædi sine og sprang ut og burt til Maa og fortalde at Ingemundssønerne var paa vegarne og kom i fullt sinne og vilde taka deim; han meinte det var best dei no saag aat aa gjera deim leide av denne laupingi. Maa samla folk. Romund, son hans Øyvind Sorkve, var gift med dotter hans Maa; det var ei stor kjempa, og han var der paa garden. Romund sa det var eitt aa gjera; dei laut vaaga seg i strid med deim. Dei var i alt 40 mann, og umframt dei tvo systersønerne hans Maa, tvo unge staute gutar. Torgrim sa det var best dei fór imot Ingemundssønerne, og so gjorde dei. Daa Torstein fekk sjaa det, sa han: »No fær me prøva oss, og no lyt ingen spara seg!« Jokul drog Ættartange og sa det skulde vera moro aa prøva han paa halsarne aat mennerne hans Maa. Dei møttest paa Karnsneset. Torgrim segjer aat Maa at han vil gøyma seg; »kann henda er det like mykje gagn i det, som um eg stod attmed deg; for eg trur meg ikkje til aa slaast,« segjer han. Maa svara honom ikkje. Dei tok no til aa slaast, og daa dei hadde halde paa ei rid, sa Jokul: »No skal eg ikkje rosa bitet i Ættartange.« »Nei, det er likt til det; mange av folket vaart vert saara,« sa Torstein. Jokul var fremst av alle og hogg aat

baae sidor; han var ein overlag sterk og modig kar og hogg so folk vart skamslegne; men beit gjorde det ikkje. »Hev lukka vendt seg, Ættartange, eller korleis er det?« sa Jokul. Torstein svara: »Eg tykkjer dei staar upp att, dei som eg hev felt; ser de noko til Torgrim?« Dei sa dei saag honom ikkje. Torstein bad daa Jokul halda seg fraa striden og sjaa um dei kunde finna honom; »og du, Hogne, kann halda striden gaaande medan,« sa han Dei andre lova det. Sidan leitte dei etter honom. »Der ser eg fienden,« sa Jokul. »Ja, der ligg reven,« svara Torstein. Torgrim laag og kika upp; det var attmed elvi han laag. Dei rende etter honom baae brørne; men Torgrim kom undan burt til elvi. Jokul kom so nær at sverdet naadde honom og tok av bakenden. Der han sprang ut i elvi, heiter det no Huvuhyl. »No beit Ættartange,« sa Jokul. »Det tenkjer eg han gjer heretter,« svara Torstein. No er aa fortelja korleis det gjekk med deim som slost. Romund gjekk hardt fram mot Hogne, og dei skifte kvasse hogg; men enden vart at Romund felte Hogne. Med det same kom Jokul burt aat, og striden tok til aa rasa paa nytt; han sette hardt innpaa Romund, og det skorta ikkje paa at sverdet beit, baade hans og aat dei andre. Han hogg Romund i foten og gav honom so svære saar at han vart vanfør all sin dag og vart kalla Romund halte. Systerson hans Maa fall. Daa striden var naadd so langt, fekk folk paa gardarne der ikring sjaa deim, og kom og vilde skilja deim aat. Det var fyrst Torgrim paa Karnsaa, frenden aat Ingemundssonerne, og andre bønder. Dei vart no skilde; mange var saara, og alle var dei trøytte. Torgrim sa: »Du Maa hev vore svært traassug til aa staa imot brørne, og du er daa ikkje deira likemann, du; no vil eg raada deg til aa gjeva etter og lata

Torstein døma i denne saki.« Han svara at det var ei god raad, og so vart dei forlikte um det. Torstein sa at saki ikkje kunde verta avgjord fyrr paa lovtinget. Og dermed fór alle heim.

Daa tinget kom, der Torstein vilde avgjera saki, møtte Hovskararne mannsterke fram. Torstein sa daa: »Dei fleste her i bygderne kjenner til striden millom oss og Maa, frenden vaar, og like eins at eg skulde døma i denne saki. Eg dømer daa so: draapet paa Hogne, bror min, skal vega upp mot dei saar som mennerne hans Maa fekk, smaa og store. Romund skal vera fredlaus millom Rutafjordaa og Jokulsaa i Skagafjord for draapet paa Hogne, og han skal ingi bøter ha for di han vart vanfør. Maa skal eiga Hjallaland, for dit kann ein koma berre fraa jordi hans; men han skal betala oss brørne eit hundrad i sylv. Torgrim Skinnhuva skal ingi bøter ha for saari sine; han hadde fortent det enno verre.« Dermed fór folk heim og var no forlikte med dette. Skinnhuva fór burt fraa heradet og nord til Melrakkasletta og var der til sin døyanddag.

Torstein hadde tvo søner, ein heitte Ingolv; det var ein overlag staut gut; den andre heitte Gudbrand; han var òg ein ferm kar. Jorunn, dotter hans Ingemund, var gift med Aasgeir Ødekoll, far hans Kalv og hennar Revna, som var gift med Kjartan Olavsson, og hennar Torbjørg Bøjarbot, dei kalla.

XXX.

Um Torolv Heljarskinn er aa fortelja at han fyrst budde i Forsøludal; han hadde ikkje noko godt ord paa seg millom folk. Torstein fraa Hov gjekk til honom og sa at han ikkje fekk bu der,

dersom han ikkje vilde fara aat annarleis enn han hadde gjort fyrr — elles vilde dei ikkje lata honom vera i ro. Torolv svara at det var ventande at Torstein fekk raada for kvar han skulde bu; men sjølv vilde han no raada for aatferdi si. Sidan flutte han og bygde seg ein skans sør med Fridmundaraa. Torolv tok til aa stela fraa folk og vart ein retteleg stortjuv; han hadde òg blotgraver, og dei trudde han blota baade folk og fe. Skikkelege folk vilde ikkje vera med honom; men han hadde faatt med seg ni mann av same slaget som han sjølv eller endaa verre. Daa det spurdest at Torstein tenkte seg dit til deim, flydde sume fraa skansen og vilde ikkje bia. Mennerne i heradet gjekk til Torstein og bad honom faa burt denne mannen som var so vond ein granne at dei ikkje kunde ha med honom aa gjera. Torstein sa dei hadde rett, og so sende han bod etter brørne sine, Jokul og Tore. Det hende stundom at det kom berserkgang paa Tore; dette tykte dei var ille med ein slik mann, og at det var liti æra for honom. Jokul sa aat Torstein: »Det er rett at du ikkje læt nokon illgjerningsmann faa tilhald her i dalen.« So drog dei i veg, 19 mann i fylgje. Daa dei fekk sjaa skansen hans Torolv, sa Torstein: »Eg veit ikkje korleis me skal faa sett aat denne skansen, so bratt som det er utmed elvi her.« »Det er ingen vande,« sa Jokul, »eg skal segja deg korleis me skal gjera. Du Torstein og nokre menner med deg skal skjota paa deim og terra deim litt, so skal eg faa nokre med meg upp med elvi her og sjaa um eg kann koma deim paa baken upp til skansen; daa kann dei verta aat-sette fraa baae sidor.« Det vilde verta ei vaagsam ferd, meinte Torstein. Jokul fór no upp med elvi og hadde nokre faa med seg. Torolv og hans folk vart ikkje var dette; men han bad deim vera

modige; »for desse brørne hev ramme fylgjor[1]),« sa han, »me leiter upp gøymsleromi vaare, dersom det knip.« Jokul kom seg yver elvi ovanfor skansen; i handi hadde han ei stor øks han aatte; han kom burt aat og fekk krøkt øksi upp paa skansveggen; so drog han seg etter skaftet og kom seg uppaa. Han skunda seg og leitte etter Torolv, men saag honom ikkje. Endeleg vart han var at Torolv kom upp or blotgravi si og sprang ut or skansen, og Jokul etter. Mennerne hans Jokul sette etter kamratarne hans Torolv alt dei orka. Torolv kom ut paa ei myr upp med elvi, og Jokul var etter. Men daa Torolv saag at han ikkje kom seg undan, sette han seg ned paa myri og gret. Der heiter det sidan Graatsmyr. Jokul naadde honom og kalla honom ein stor skarv og illgjerningsmann som det ikkje fanst mod i; so gav han honom banehogg. Torstein sette aat skansen, for dei andre var komne attende. Jokul sprang so mykje han var god til og kom til skansen. Daa dei som var inne i skansen fekk sjaa det, vart dei rædde, og tvo av deim rende ut paa nes-tangen, og han drap deim baae; den tridje stupte seg ut yver berghamaren. Alle tykte det var ei overlag rask ferd som Jokul hadde gjort her. Brørne fór no heim etter dette. Dei hadde gjort heradet ei stor velgjerning, daa dei drap Torolv Heljarskinn.

XXXI.

Torstein paa Hov var gjestmild mot folk i bygdi; alle ferdafolk skulde ha mat og nye hestar og alt anna dei trong. Alle utanbygds folk tykte

---

[1]) *fylgja*, vardyvle, »skytsaand«.

dei fyrst maatte vitja Torstein og fortelja honom nytt fraa bygderne. Øyarengi heitte den beste jordi som høyrde Hovsgarden til. Der brukte arbeidsfolket hans Torstein aa setja upp telt um sumaren. Ein dag saag dei 10 menner som hadde slept hestarne sine paa beite der paa engi; dei hadde eit kvinnfolk med seg. Alle hadde dei farga klæde. Ein av deim hadde ei kappa yver seg og ein fotsid kjole av fint ty. Dei saag kva mannen gjorde; han drog sverdet sitt og skar av nedan eit stykke som hadde vorte lortut av ridingi; det var ei spann breidt, og han tok og kasta det burt, og so sa han so høgt at dei kunde høyra det, at han ikkje vilde draga med seg lorten. Dei raaka ikkje desse mennerne; men dei tykte det var gale at dei skulde beita paa annan manns eng. Ei tenestkvinna tok det han hadde skore av og sa at det maatte vera ein storfelt mann. Um kvelden spurde Torstein deim um nytt. Dei visste ikkje noko, sa dei, men fortalde daa litt. Sidan fortalde dei kva dei hadde sét og høyrt um desse mennerne og synte fram det han hadde skore av klædi sine. Torstein sa at ein som fór aat so, øydela stasen sin um han hadde vorte søylut, og beitte paa annan manns eng, han maatte anten vera ein toskut og likeglad fyr, eller so var det ein stor og stolt mann. »Desse mennerne hev no heller ikkje kome hit til meg, som langfarande folk hev for vis,« sa han, »eg gjet at dette hev vore Berg den rakke[1]), systerson hans Finnboge den ramme fraa Borg i Videdal; han hev kome til Island i sumar; det er ein sterk og overlag storfelt kar.« Naar Torstein skulde gjeta noko, var han jamnast sannspaadd; so denne gongen òg. Berg kom til Borg, og Finnboge tok vel imot honom

[1]) *rakkr,* djerv, modig.

og spurde um nytt, og han fortalde daa det han visste. Finnboge spurde um han hadde raaka Torstein Ingemundsson. Han hadde ikkje det, svara Berg; han hadde ride nedanfor garden. Finnboge sa at dei gjernast brukte aa fara um Torstein og fortelja honom nytt. »Eg vil ikkje gjera meg so liten,« svara Berg; »eg hadde heller ikkje noko der aa gjera.«

XXXII.

Torgrim heitte ein mann som budde paa garden Litle Borg i Videdal. Han feste ei kvinna som heitte Torbjørg, dotter hans Skide. Torgrim bad Finnboge og Berg til gjestebodet, og dei lova aa koma. Brudlaupet skulde staa vinternattsleite hjaa Skide. Han fór til Ingemundssønerne og bad deim til brudlaups, »for det vert ingen stas, dersom ikkje de kjem,« sa han. Dei skulde koma, sa dei. Det var ruskut vêr og vondt aa koma yver Vatsdals-aai, og det vart ei strævsam ferd for videdølerne. Finnboge og mennerne hans sette att hestarne hjaa den bonden som budde attmed elvi. Elvi var opi i midten; men det laag sterk is attmed baae landi. »Eg skal bera folket yver,« sa Berg, og so gav han seg til aa bera deim yver. Det var kaldt, og klædi hans fraus. Skide og Torstein og brørne hans, som alt var komne, gjekk imot gjesterne. Det var uppgjort eld, so dei fekk tina upp klædi sine. Torstein bonde gjekk ikring og hjelpte folk og tok mot klædi deira, for han var ein svært umgjengeleg og beinsam mann. Finnboge gjekk fyrst og skulde setja seg i høgsætet midt imot Torstein; so kom Berg; han hadde kjole og skinnmudd. Klædi hans var frosne og stod ut fraa honom, so han trong mykje rom. Han gjekk burt

aat elden og vilde tina upp seg. Daa han gjekk framum Torstein, sa han: »Gaa undan, kar!« Han gjekk so fort at han mest hadde rive Torstein yver ende og burt paa elden. Jokul saag dette, og vart sint; han hadde Ættartange i handi. Han spratt upp og rende til aat Berg og slo honom millom akslerne med hjaltet, so han stupte fram yver. »Kva gjer du? tek du paa hovdingen aat vatsdølerne, din skjelm!« Berg spratt upp; han var rasande sint og tok aat vaapni. Der stod nokre menner imillom og heldt imot so dei ikkje fekk slaast; dei vart no nøydde til aa skiljast, endaa Berg var reint rasande. Torstein sa: »No gjekk det ille att, for di Jokul, bror min, er so braad av seg; eg byd Berg gods i bøter, so han kann ha æra av det.« Berg svara at det skorta honom ikkje paa gods, og han vilde hemna seg sjølv. »Di lenger me ligg i strid, di klenare skal det verta med deg,« meinte Jokul. Skide bad Finnboge og hans folk fara burt, so det ikkje skulde verta uvenskap. Torstein sa det var ikkje høvelegt at brudlaupet skulde enda soleis; »eg og brørne mine skal taka med oss folket vaart og rida til Maastad,« sa han, og so gjorde dei.

XXXIII.

Berg kunngjorde at saki um hogget han hadde faatt, skulde fram paa Hunavatstinget og gjorde seg no ferdig. Folk kom til tings og provde aa faa forlik. Berg sa han vilde ikkje taka mot gods i bøter; dei skulde berre forlikast paa den maaten at Jokul gjorde seg audmjuk for honom og gjekk under tri jordremsor — so som visi var i den tidi naar ein hadde gjort ei stort misgjerd. »Fyrr skal trolli taka meg enn eg bøygjer meg for honom,«

sa Jokul. Torstein meinte ein laut tenkja seg um i denne saki, og so baud han seg til aa gaa under jordremsorne. Det var Berg nøgd med. Den fyrste jordremsa naadde upp aat aksli, den andre upp aat beltet og den tridje midt paa laaret. Torstein gjekk no under den fyrste. Daa sa Berg: »No svinbøygde eg den hævaste av vatsdølerne.« »Det skulde du ikkje ha sagt,« svara Torstein; »og den fyrste verknaden desse ordi hev, er at eg ikkje gaar under fleire.« Finnboge sa: »Det var ikkje rett sagt; men Berg hev ikkje mykje att for skaden han fekk av Jokul, dersom det skal vera med dette; de vatsdølerne tykkjer no de er likare enn anna folk, de! og eg vil bjoda deg til holmgang um ei vika attmed høystakk-gjerdet paa øyi nedanfor garden min paa Borg.« »Det same gjer eg, Jokul!« sa Berg, »eg byd deg holmgang paa den tidi Finnboge nemnde; daa skal de faa bøygja dykk, Hovskarar!« »Høyr paa den stakaren!« segjer Jokul, »du vaagar deg til aa mæla deg med oss og bjoda meg holmgang; eg trur ikkje eg tek paa meg for mykje um eg slæst baade med deg og Finnboge paa ein gong; det skal eg gjera òg; eg vil gaa i staden for Torstein, bror min, for det var skade um han skulde faa noko mein, og det kunde lett henda um han skulde slaast med Finnboge, for det er ein tøtug kar; men me tvo treng ikkje aa spara oss; Berg smaug som ei bikkja daa eg slo honom yver ende; kom no til holmgangen, Berg, dersom det er meir mod i deg enn i eit merrehjarta; men dersom nokon ikkje kjem, daa skal det verta reist ei nidstong for honom, so alle skal sjaa at han er ein niding, og ingi skikkelege folk vil ha samlag med honom; han skal verta ute for vreiden aat gudarne, og ordbrjotar skal dei kalla honom.« Dermed skildest dei og fór kvar heim til sitt.

Dette spurdest no i bygderne. Holmgangen fall paa den tidi Torstein skulde ha gjestebod paa Hov; han brukte aa ha det kvar haust. Helga heitte ei kvinna som var komi ut yver i fylgje med Berg; ho var frilla hans. Det var ei stor og dugeleg kvinna, klok og framsynt og kunnig i all slag trolldom. Ho sa aat Berg: »Det er uvitugt av dykk, frendar, at de vil prøva lukka med Ingemundssønerne; det gaar ikkje; for Torstein er ein mann som hev vit og lukka med seg, og det er sant som dei segjer um Jokul at det ikkje finst slik berserk som han i heile Nordlendingafjordungen; du kann ikkje mæla deg med honom, so dugeleg som du er; mykje skam hev du fyrr faatt av honom, og helvti so mykje til vil du faa, dersom de kjem i strid.« Berg svara: »Eg kann ikkje taka med alt det som Jokul hev sagt.« Helga sa: »Naar du er so toskut at du ikkje veit aa sjaa deg for, so skal eg gjera at det ikkje vert noko av denne holmgangen.« »Det raader ikkje du noko for,« svara Berg. Um denne saki visste ikkje Finnboge noko.

XXXIV.

Dei fortel at den morgonen dei skulde fara til holmgangen, vart det slik snøkave og frost at det ikkje var komande ut for nokon. Tidleg same morgonen banka det paa døri paa Hov. Torstein gjekk burt aat døri og helsa paa Jokul, bror sin. »Er du ferdig til holmgangen, Torstein?« spurde han. »Tykkjer du at du er nøydd til aa fara i slikt styggvêr?« sa Torstein. »Ja visst gjer eg det,« svara Jokul. »Gaa inn fyrst, bror, og lat oss bia til me fær sjaa um vêret gjev seg,« sa Torstein. Jokul sa han vilde ikkje gaa inn og

tina upp snøen paa seg, »og vil du ikkje fara, so fer eg likevel,« sa han. Torstein sa: »Aldri skal det vera den skilnaden paa modet vaart, at eg sit heime og du fer; berre bi meg.« Torstein gjekk inn og gjorde seg ferdig; han sa aat gjesterne sine at dei skulde sitja der og ikkje fara fyrr vêret vart godt, og so bad han kona og sønerne sine stella godt med gjesterne. Baae brørne fór no i lag. »Korleis hev du no tenkt aa taka det?« spør Torstein. »Eg veit aldri du hev spurt meg til raads fyrr,« svarar Jokul, »og lite hjelp kann dei vel venta seg dei som søkjer raad hjaa meg; men denne gongen skal eg ikkje staa uppraadd; me fer til Undunfjell, og Tore, bror vaar, skal vera med oss.« Dei gjorde so og fór dit og kom um kvelden til Faksa-Brand, ein av venerne hans Jokul; dei var der um natti. Brand aatte ein faksut hest dei kalla Frøysfakse. Han var kjær for hesten; det var ein god hest, og med den fór ein urædd baade i strid og elles, og folk hadde det for det at Brand trudde paa Fakse. Morgonen etter var det same vêret, — um ikkje verre; men brørne vilde fara, endaa vêret ikkje vilde gjeva seg. Brand hadde tjelda ein slede med huder og sett for Fakse; dei tvo skulde vel finna vegen, meinte han. Jokul vilde at Torstein og Tore skulde setja seg i sleden, so skulde Faksa-Brand og han gaa fyre. Tidleg um morgonen kom dei til høystakken; men ingen var komen.

Um morgonen sa Finnboge aat Berg; »Trur du ikkje at Jokul er komen til holmgangen?« »Nei, det trur eg ikkje,« svara han, »for det er uraad for folk aa fara i slikt vêr.« »Er ikkje Jokul komen, daa er han ikkje den karen eg tenkte,« sa Finnboge, »det hadde vore betre at du ikkje hadde gaatt so langt med honom, so hadde du sloppe aa tola den eine skammi etter den andre.«

»Det hev de sét for seint,« segjer Helga, »og so ille som det er aa halda seg undan no, so vert det verre sidan.« »Trur du Jokul er komen?« spør Berg. »Eg veit ikkje,« svara ho, »men eg trur de skal faa sjaa at han ikkje er ein mann som høver dykk.« Dermed vart det ikkje sagt meir um dette, og dei fór ingen stad.

Brørne bidde no til nons; daa gjekk Jokul og Faksa-Brand til saufjøset hans Finnboge, som var attmed høystakkgjerdet. Her tok dei ein stolpe og bar burt til gjerdet. Der fór òg nokre hestar som hadde sett dit og vilde finna livd mot uvêret. Jokul skar ut eit kar-hovud paa enden paa stolpen og skreiv med runer dei ordi som fyrr er nemnde. Sidan drap Jokul ei merr; han skar upp ho i brjostet og sette ho paa stolpen, so ho vende mot Borg. Dermed tok dei paa heimvegen og var hjaa Faksa-Brand um natti, og hadde det svært morosamt um kvelden. Jokul sa: »Det er no so, Torstein frende, at du er meir vensæl enn eg og hev fleire vener; men no syner det seg at venerne mine duger ikkje mindre enn dine; eg tykkjer Faksa-Brand var ein gild kar.« »Ja, Brand er ein bra kar,« svara Torstein. Brand meinte at det var godt aa tena ein mann som Jokul, for det var ikkje mange slike karar. Faksa-Brand og Jokul sa det maatte ha vore noko trolldom med vêret, og skulda Helga paa Borg for det. Brørne kom no heim og vart mottekne med stor gleda, og det spurdest no kring bygderne kor stor skam Borgkararne hadde vorte ute for av brørne.

XXXV.

Ein gong straks etter dette samla Finnboge og Berg folk saman fraa Videdal, og det vart 30

mann i alt. Helga spurde kva dei tenkte paa. Finnboge svara at dei vilde fara til Vatsdal. »De tenkjer vel aa hemna dykk paa brørne,« sa Helga, »men eg tenkjer at di meir de hev med deim aa gjera, di verre gaar det.« »Me skal no prøva,« segjer Finnboge. »Berre reis de! de skal faa det like ant um med aa koma heim som no med aa koma i veg,« svara Helga.

Dette spurdest no braadt vidt ikring, og Torstein paa Hov fekk ogso høyra det. Han sende bod til brørne sine; dei kom til honom, og han fortalde det han hadde høyrt. Dei tok no den raadi aa samla folk, og den dagen Finnboge var ventande, samlast 60 mann paa Hov. Maa paa Maastad, frenden deira, var der, og Øyolf fraa Karnsnes, og andre av mennerne deira. No saag dei Finnboge og fylgjet hans kom ridande. »No skal me setja oss paa hestarne vaare og rida imot deim,« sa Torstein, »for eg vil ikkje at dei skal sparka upp garden min.« Dei gjorde so. Jokul sa: »Me skal skunda oss og rida imot deim, og setja inn paa deim fyrr dei er ferdige til aa taka mot oss.« »Me skal ikkje forhasta oss,« sa Torstein, »eg skal føra ordet for oss og høyra kva dei vil. Det kann henda det gaar lett; eg veit vel at du bror ikkje er rædd for aa gaa paa.« Jokul svara: »Det var ventande at du ikkje vilde fylgja mi raad lenger.« «Di raad var god, frende, so lenge me fylgde ho,« sa Torstein, »men no trengst det ikkje.« Finnboge sa aat mennerne sine: »Det kjem folk mot oss fraa Hov, og det er ikkje faa; det er visst at det er ikkje lett aa koma uventande innpaa Torstein. No hev me tvo ting aa velja, men ingen av deim er god: anten maa me rida heimatt med det same, so stor skam som det er, eller ogso vaaga oss i kast med deim; men det vert faarlegt, for det ser ut til at dei er

mannsterkare enn me.« »Skal me ikkje no prøva eitkvart?« segjer Berg, »og møtast skal me.« Finnboge svara: »Lat oss stiga av hestarne og binda deim og halda oss vel saman, kor det gaar.« Dette ser Torstein og hans folk; dei steig òg av hestarne og batt deim. Daa sa Torstein: »No skal me gaa imot deim, og eg skal føra ordet for oss. Kven er det som er hovudmannen for dei folki som er komne her?« spør han. Finnboge namnkjende seg. »Kva ærend hev de hit i dalen,« sa Torstein. »Ein hev tidt smaaærend kring i bygderne,« svara Finnboge. Torstein sa: »Eg vonar at de no meinte aa fullføra det ærendet som var tenkt daa de fór heimanfraa; men det hev no gaatt annarleis enn de tenkte: aa koma yver oss brørne. Um so er, so hev det falle seg godt. Eg skal no gjera deg tvo vilkaar, Finnboge, endaa det var høvelegare at du fekk berre eitt: Far til Borg med det same og hald deg heime paa garden din. Det andre vilkaaret er at me skal gjera fraa oss holmgangen vaar; men me skal gjera det paa den maaten, at kvar av oss fær taka med seg reisefylgjet sitt; daa skal du faa sjaa kva du duger til, so stor og sterk som du er. Og so skal du fara burt fraa Videdal til vaaren og ikkje halda til millom Jokulsaa i Skagafjord og Rutatjordaa, og prøv aldri aa stridast med oss brørne meir. Og du Berg hev i tankeløysa valda oss brørne mykje. Eg fekk sjaa kor ufredeleg du var fyrst du kom til bygdi, den gongen du lét hestarne dine beita paa engi mi, og heldt meg for ein slik stakar at eg skulde gaa og gjæta hestarne dine. Du skal ingi bot ha for det at Jokul, bror min, slo deg, for du vilde ikkje taka imot den gongen me baud deg. Du skal halda deg utanfor dei same grensorne som Finnboge, so hev de noko til minne um striden vaar. Vèl

no fort eitt av desse vilkaari!« Jokul stod attmed Torstein med Ættartange i handi. Finnboge og Berg og mennerne deira gjekk til hestarne sine og sette seg upp og reid heim til Borg med det same. Helga stod ute; ho spurde um nytt. Dei hadde ikkje noko nytt aa fortelja, svara dei. »Det kann vel henda at de tykkjer so; men det tykkjer visst ikkje andre, naar dei høyrer at de er jaga fraa bygdi som illgjerningsmenner, og dette er no den største uferdi de hev vore ute for.«

Torstein og brørne reid no til Hov og fór sidan kvar heim til seg. Torstein takka deim for hjelpi. Han kom soleis med æra fraa denne saki, som fraa alle andre.

Um vaaren selde Finnboge jordi si paa Borg og fór nord til Strander[1]) i Trekyllesvik og busette seg der. Berg fór òg burt; men det er ikkje fortalt i soga kva han sidan tok seg til, og meir er det ikkje aa segja um striden millom deim og Ingemundssønerne.

XXXVI.

Dei fortel at det ein sumar kom eit skip til Rutafjord; paa det var tvo systrar, Torøy og Groa. Dei tok inn paa Hov baae og vart hjaa Torstein um vinteren. Um vaaren spurde dei Torstein um han kunde hjelpa deim so dei fekk seg ein fast bustad. Torøy kjøpte daa jord etter raadi hans Torstein, og ho busette seg der; men Groa fekk ein bustad nær attmed honom. Turid, kona hans Torstein, tok til aa finna aat honom og sa at Groa brukte trolldomskunster og gjorde honom glad i seg. Groa kjøpte malt og laga til veitsla

[1]) Strandsyssel er paa Vestlandet.

og bad dit Ingemundssønerne. Desse systrarne tedde seg ikkje som smaafolk, Ho bad dit Maa paa Maastad og mange andre av mennerne i bygdi. Tridje natti fyrr Torstein skulde fara heimanfraa, drøymde han at den kvinna[1]) som hadde fylgt frendarne, kom til honom og bad honom at han ikkje skulde fara. Han svara at han hadde lova det. Ho sa: »Eg tykkjer dette er uvitugt, og det vil gaa deg ille.« So gjekk det tri næter at ho kom og tala honom til rettes, og sa at det ikkje vilde gaa vel, og so tok ho paa augo hans. Det var visi deira at naar Torstein skulde rida nokon stad, so kom alle som skulde vera med, til Hov den dagen. No kom Jokul og Tore, Maa og dei andre mennerne som skulde fylgja. Torstein bad deim fara og sa han var sjuk. Dei gjorde so. Same kvelden, daa soli var gaatt ned, saag sauegjætaren at Groa gjekk ut og gjekk rangsøles kring husi sine. »Det er vandt aa staa imot lukka aat Ingemundssønerne.« sa ho. Ho saag upp mot fjellet og svinga ein klut eller duk, der ho hadde innknytt mykje gull som ho aatte, og so sa ho: »Lat det no henda det som henda skal!« Sidan gjekk ho inn og hadde att døri. Daa fer det ei jordskrida mot garden, og alle mennerne strauk med. Daa dette spurdest, jaga brørne Torøy, syster hennar, burt or bygdi. Sidan tykte folk gjerne at dei saag skrymt der Groa hadde butt, og ingen vilde bu der meir.

XXXVII.

Torgrim paa Karnsaa fekk eit barn med Nereid, frilla si, og barnet vart utbore, med di kona hans

[1]) Kvinna er fylgja deira.

vilde det so. Ingemundssønerne var gode vener og var ofte saman. Ein gong var Torstein hjaa brørne sine, og Tore fylgde honom paa vegen. Torstein spør daa Tore kven han tykte var likast av brørne. »Det er ikkje noko aa undrast paa,« svara Tore, »du er likast til aa finna gode raader; mest vit hev du òg.« Torstein sa: »Jokul er fremst naar det gjeld aa vera hardbalen.« »Med meg er det verst,« sa Tore, »for denne berserkgangen kjem so tidt yver meg, og helst naar eg minst vilde, og no vilde eg at du bror skulde gjera aat for det.« »Eg er komen her for di eg hev spurt at Torgrim, frenden vaar, hev bore ut barnet sitt, soleis som kona hans vilde; det var ille gjort. Det er til stort mein for deg at du ikkje hev den naturi som andre menner.« Tore sa han skulde gjera kva det var, berre han kunde verta fri dette. Torstein lova aa gjeva raad; »men kva vil du so gjera?« spør han. »Det som du vil,« svara Tore. Torstein sa: »Daa er det ein ting eg vil beda deg um, og det er at sønerne mine fær gòdordet.« Tore lova det. Torstein sa: »No vil eg kalla paa honom som hev skapt soli, for eg trur han er megtigast, og beda at du vert fri denne ulukka, og for hans skuld vil eg[1]) i staden hjelpa dette barnet, og føda upp til dess at han som hev skapt mannen, ein gong kann faa vendt det aat seg, for eg vonar at det vil henda.«

Sidan steig dei til hest og fór burt til Karnsaa, der dei visste at barnet var gøymt og trælen hans Tore hadde funne det. Dei saag at det hadde vore breidt noko ut yver andlitet, og at det hadde kravla og skulde faa fraa nasen, so det var mest kvævt. Dei tok barnet heim til Tore, og han fødde upp guten, og guten vart kalla Torkjell

---

[1]) skal vel vera: vil eg at du i staden hjelper o.s.b.

Kravla; men berserkgangen kom aldri yver Tore sidan. Torstein fekk soleis gòdordet.

Olav budde paa Haukagil og Ottar paa Grimstunga; han var gift med Aasdis, dotter hans Olav, og paa lovmøti hadde dei bud i hop. Sønerne hans Torstein voks upp og vart dugelege menner. Gudbrand var stor og sterk; Ingolv var svært fager og stor han òg, og han gjekk yver folk flest i idtrotter. Paa eit haustting kom mange folk saman, og der vart halde leik. Ingolv var med i leikarne og synte no òg idtrotterne sine. Men ein gong han sprang etter ballen sin, bar det so til at ballen for burt til Valgjerd Ottarsdotter. Ho tok han med kaapa si, og dei talast no med ei rid. Han tykte det var ei overlag fager kvinna, og kvar dag som var att av tinget, kom han seg i tal med henne, og sidan fór han jamleg etter henne. Ottar lika ikkje dette; han tala til Ingolv og bad honom ikkje fara so at dei baae hadde skam av det; han skulde heller faa henne paa ein sømeleg maate enn aa narra henne burt i vanæra. Ingolv sa han vilde gaa og koma som han vilde, og meinte at det ikkje var noko usømelegt i det. Ottar tala no til Torstein og bad honom at han maatte hjelpa til og faa gjort noko med dette. Det lova han. Torstein sa til Ingolv: »Korleis kann du finna paa aa gjera Ottar skam og svivyrda dotter hans? det er stygt gjort av deg, og held du ikkje upp, so ber det sundt med oss.« Ingolv slutta daa aa fara etter Valgjerd; men han dikta kjærleiksvisor um henne og song deim sidan. Ottar fór enno ein gong til Torstein og sa at han ikkje tykte um denne diktingi hans Ingolv; »eg tykkjer det er din byrd aa gjera noko med dette,« sa han. Torstein svara at det var ikkje etter hans tykkje; han hadde tala aat honom, sa han; men det nytta ikkje. Ottar sa: »So maa du betala

bøter for Ingolv, eller gjeva løyve til at me saksøkjer honom. »Eg vil telja deg til at du ikkje bryr deg um dette,« sa Torstein; »men du kann gjerne saksøkja honom.« Ottar fór til Hov og stemnde Ingolv til Hunavatsting, og budde seg til søksmaal. Daa Jokul spurde dette, vart han sint og sa det var meiningslaust at brørne skulde verta saksøkte i heimgrendi si; »Torstein er for gamall,« sa han, »og um me ikkje er lovmenner, so kann me gjera av denne saki med økshamaren.«

Daa vaartinget kom, bad Ingolv Torstein at han skulde gjeva honom ei raad i saki, eller ogso vilde han setja øksi i hovudet paa Ottar. Torstein sa: »No vil eg at du tek med gòdordet og bruker det,« og so vart gjort. Daa saki skulde gaa til doms, gjekk Ingolv og Jokul fram i retten og jaga folk fraa kvarandre med øksi, og soleis vart det ikkje meir av denne saki. Ei stund etter tinget sa Ottar aat Olav, verfar sin, at han ikkje vilde vera der lenger, men selja jordi si. So gjorde han; han flutte sør um heidi og sette bu der.

XXXVIII.

Ikkje lenge etter dette vart Torstein sjuk og døydde. Dauden hans Torstein er nemnd fyrst her; men Jokul døydde ei stund fyrr; Tore livde lengst av brørne. Torkjell Kravla var tri aar gamall daa Tore, fostfar hans, døydde. Han kom daa til Tororm og vart uppfostra der. Folk meinte det kom ingi slike karar som Torstein og brørne hans; men mange tykte at sønerne fylgde godt i hans spor. Kvinnorne tykte best um Ingolv, som det staar i visa:

Alle møyar vilde
med Ingolv ganga,

dei som var vaksne;
stakars henne, sa ho,
som er for liti.

Brørne skifte arven millom seg. Ingolv budde paa Hov, og Gudbrand paa Gudbrandsstad. Ingolv vart gift med Halldis, dotter hans Olav fraa Haukagil; ho var yngre enn Aasdis som var gift med Ottar, ho som var mor hennar Valgjerd og hans Hallfred Vandraadeskald. Ingolv brukte gjerne aa sjaa um Valgjerd naar han fór til eller fraa tinget. Ottar tykte ille um det. Ho gjorde honom alle stasklædi.

XXXIX.

Nokre aar etter at Torstein Ingemundsson var daaen, fann Ottar, ein gong han reid fraa tinget, ein fredlaus mann paa Blaaskogaheidi. Han kalla seg Tore og var komen austan fraa Fjordarne. Han hadde vorte dømd fredlaus i ei sak um eit kvinnfolk, sa han, og so bad han Ottar taka mot seg. »Det skal eg gjera,« svara Ottar, »dersom du vil gaa eit ærend for meg.« Den andre spurde kva det var. »Du skal fara nord til Ingolv i Vatsdal,« svara Ottar, »du skal sjaa til aa taka livet av honom eller ein av brørne hans, for etter som det ser ut til, hev dei ikkje lukka med seg; vil du fara, so skal eg hjelpa deg.« Jau, han vilde gjerne det, for det vanta ikkje mod, meinte han. Han fór heim med Ottar, og dei vart forlikte um at han skulde drepa Ingolv, eller Gudbrand, um han heller kunde naa honom, og Ottar skulde hjelpa honom burt fraa landet. Han fór til Vatsdal og kom til Hov; han var der um natti. Han bad Ingolv um hjelp og sa han var ein fredlaus

mann. Ingolv svara han trong ikkje utanbygds folk; det var nok aa faa av slike; han bad honom forda seg straks, og sa at han ikkje kunde lika honom. Tore fór burt og kom til Gudbrand. Gudbrand tok mot honom, og han var der ei rid. Ein morgon bad Gudbrand honom finna seg ein hest og gjekk ut, og Tore etter. Daa Gudbrand kom burt paa dørstokken, bøygde han seg. Tore hogg no etter honom; men daa Gudbrand høyrde det lét i øksi, smatt han til sides attmed døri, og Tore hogg i aasen som stod fram undan vindskiorne, so øksi stod fast. Tore rende burt or garden, og Gudbrand etter. Daa Tore kom burt til elveklufti, sprang han yver og stupte. Gudbrand kilte sverdet etter honom, det raaka honom midt i livet. Han hadde knytt beislet kring livet paa seg, og sverdet raaka beisl-ringen. Gudbrand sprang yver elvi og burt aat Tore; han var daa daud, og Gudbrand grov ned honom. Det hadde vorte skard i sverdet, og eitt var so stort at ein kunde leggja fingerkoppen i det. Sidan vart det kvesst, og det vart eit gildt vaapen.

Gudbrand fór til bror sin og fortalde honom korleis det hadde gaatt; det var Ottar som hadde raadt honom til dette, sa han; slikt maatte ein vara seg for. Det var ei stygg aatferd, sa Ingolv, og dei fór no straks sør til Borgarfjord og fortalde Ottar dette; men han sa berre mot deim, for han hadde mange mann hjaa seg, so dei kom ingen veg med honom. Det vart daa prøvt forlik, og dei vart forlikte soleis at Ottar skulde betala eit hundrad i sylv, og for Tore skulde det ingi bøter vera. Det vart like eins medteke i forliket at Ingolv skulde vera fredlaus, dersom han kom til Valgjerd og ikkje hadde Gudbrand med seg. Daa sa Ingolv: »Det skal du koma i hug, Ottar, fær me vitjing av fleire slike uvener, daa slepp du ikkje

med pengebøter; du skal faa løn som forskyldt for svikraaderne dine.« Ottar svara at mange vilde segja at han hadde havt god grunn for det som var gjort. Dermed skildest dei.

XL.

Ein mann som heitte Svart, kom med skipet sitt til Mintaksøyr. Ætti hans var fraa Sudrøyarne. Det var ein stor, sterk kar, men uvenleg og lite lika. Skipet hans hadde gaatt sundt; men etter di folk visste kva kar han var, vilde ingen taka mot honom. Han fór daa fraa bygd til bygd, til han kom til Ottar, og bad honom taka mot seg og hjelpa seg. Ottar svara: »Eg tykkjer ikkje det vilde vera rett gjort aa segja nei aat ein mann som deg; eg skal taka mot deg, for ikkje er du nokon stakar, og eg vonar eg kann faa god hjelp av deg.« Det var ikkje meir enn ein kunde venta, svara den andre. Svart aatte noko gods; han vart no hjaa Ottar. Svart hadde ikkje vore lenge fyrr Ottar sa han vilde senda honom nord til Hov i Vatsdal. »Der bur ein mann som heiter Ingolv,« sa han, »han er fienden min og hev gjort meg skam paa mange maatar, og det er ingen rett aa faa av honom. Det er no ein hæv mann; men eg trur likevel at du hev lukka med deg og kann taka hemn yver honom, naar eg segjer deg korleis du skal bera deg aat, for eg hev tiltru til deg.« Svart sa at han fyrr hadde vore med der folk ikkje kunde semjast, og han trudde nok han skulde koma fraa ærendet; han hadde vore i viking, og mangein gong hadde berre han sloppe undan, sa han. Skipet stod uppi Kvitaa. Dei tala no av med kvarandre at Svart skulde hogga hand eller fot av Ingolv, eller drepa Gudbrand, dersom han

ikkje naadde Ingolv, og so skulde han faa vera hjaa Ottar um vinteren, og Ottar skulde hjelpa honom fraa landet; men dersom Svart ikkje kunde fullføra ærendet, so skulde han syta for seg sjølv. Ottar fekk i varor fraa skipet og gav Svart med paa vegen. Svart fekk ein mann til fylgje og tvo hestar, og Ottar sa honom korleis bygderne laag til, og kva for veg han skulde fara nordetter og attende.

Svart fór no til han kom til Kvanndal. Her tok han av hestarne og gjorde ferdig varorne sine, og lét hestarne beita. Tidleg um dagen kom Svart gaaande til Hov. Ingolv var ute og heldt paa skjefta eit spjot. Svart helsa paa Ingolv og sa at det hadde gaatt honom gale paa reisi; tvo hestar var burtkomne for honom paa heidi, og der laag varorne hans, ei kista og ein skinnsekk. Han bad Ingolv senda med seg folk og leita, so han kunde faa varorne sine til bygdar. Han sa han vilde flytja nord til Øyafjord, og fortalde at han for nokre vintrar sidan hadde vore i Ramnagil Ingolv svara at det var lite um folk paa garden, og sjølv vilde han ingen stad fara; »det er best du fer din veg med det same,« sa han. »So maa eg daa faa deg til aa fylgja og syna meg vegen burt i ein annan gard,« sa Svart. Det gjorde Ingolv; han fylgde honom til vegs, men agta seg vel, for han torde ikkje retteleg tru Svart, med di han alltid vilde gaa etter honom; han hadde sverd ved sida og eit stort spjot i handi; det var eit spjot med langt, jarn-linda skaft og flatt blad. Svart bad Ingolv taka mot seg; han skulde faa velja seg det han vilde av varorne; »du er ein namngjeten mann,« sa han, »og det sømer seg vel at du tek imot framandfolk, all helst naar det ikkje skortar pengar aa løna med.« »Eg er ikkje van til aa taka heim ukjende folk,« sa Ingolv, »det er

vonde folk mange av deim, og det ser du ut til aa vera òg;« dermed viste han honom fraa seg, og sa at han ikkje vilde ha noko aa gjera med honom, og so vende han attende.

Svart fór til Gudbrand og fortalde det same til honom. Gudbrand sa: »De framandfolk er no ikkje av beste slaget; men eg skal faa nokon til aa leita etter varorne dine, so kann me talast med sidan um upphelde« Dei fór og fann varorne; dei trudde hestarne var burtkomne; men snart fann dei deim òg. Gudbrand førde alt ihop heim til seg og tok mot Svart. Daa Ingolv fekk høyra det, fór han til bror sin og sa at han tykte han hadde ikkje vore varsam nok og raadde honom til aa jaga honom burt. Gudbrand trudde ikkje at denne mannen vilde gjera nokon skade; han hadde ikkje sét noko likt til det sidan han kom, sa han. »Daa hev me ikkje same meiningi,« sa Ingolv, »eg tykkjer han ser ut som ein løynmordar som gaar og tenkjer paa noko vondt; eg vilde ikkje at han skulde vera hjaa deg, for eg hev ingi god tru um honom, og det er best aa vera fyre var.« Men det vart no ikkje gjort noko med dette, og Svart vart verande der um vinteren. Um vaaren, daa det leid til sumars, flutte Gudbrand til sæters. Dei gjorde det soleis at husmori reid for seg sjølv, og Gudbrand og Svart reid paa same hest, og Svart sat bak. Daa dei kom ut paa dei myrarne dei no kallar Svartfjellsmyrarne, daa sokk hesten ned i under deim. Gudbrand bad Svart sleppa seg attyver hesten og ned, og det gjorde han. Daa han saag at Gudbrand ikkje agta seg for honom, snudde han spjotet. Dette ser husmori; ho ropar: »Agta deg for hunden! han vil svika deg og drepa deg.« Med det same køyrde Svart spjotet i Gudbrand under armen. Gudbrand fekk upp sverdet og hogg etter honom

og hogg sund honom i midja. Husmori kom til sæters og fortalde korleis dei baae hadde sett livet til, og folk tykte det var ei syrgjeleg tidend.

Daa Ingolv spurde dette, sa han at det hadde gaatt som han tenkte. Han budde seg til aa reisa søksmaal mot Ottar paa altinget, for di han hadde stade honom og bror hans etter livet. Daa folk kom til tings, prøvde dei aa faa forlik; men Ingolv vilde naudleg gaa med paa det. Men etter det mange godviljuge menner la seg imillom, og etter det Ingolv sjølv ikkje hadde halde forliket med Ottar um møti med Valgjerd, so gjekk han med paa forlik. For mordet paa Gudbrand vart det betala tri hundrad i sylv, og saki um Valgjerd og den avtalen med Ottar som han hadde brote, skulde òg vera avgjord. Dermed skildest dei og var forlikte.

Ingolv hadde tvo søner med kona si; dei heitte Surt og Hogne. Dei var fullkomne karar baae. Ingolv vart halden for ein gjæv hovding, som i mange ting skautst paa far sin. Olav paa Haukagil tok daa til aa eldast mykje.

XLI.

I den tidi var det so mykje røvarar og ransmenner baade sør og nord i landet at knapt nokon fekk ha sitt i fred. Ei natt tok dei paa Haukagil mykje mat, for der var nøgdi av all slag. Olav fór til Ingolv og sa honom dette, og Ingolv gjorde seg ferdig til aa fara med femtan mann. Olav bad honom vera varsam; det var meir um aa gjera at han kom heilskinna heimatt, sa han, enn kvar det vart av maten. Dei reid sør yver heidi og tala saman um ranet hjaa Olav. Tjuvarne hadde stole for 15 hundrad. Dei kom

paa spor etter deim og rekte deim til dei fór ville, med di spori laag aat tvo leider. Daa skifte dei folket sitt; aatte fór aat den eine leidi og sju aat den andre, og so leitte dei lenge. Det var ei sæter ikkje langt undan deim, og dit fór dei og fekk sjaa attan hestar attmed sætri. Dei tala um at tjuvarne maatte vera komne dit, og sa det var likast at dei leitte etter kamratarne sine. Ingolv trudde ikkje det var raadlegt; for daa kunde dei naa burt i berghola som var tett attmed, »og naar dei dit, so er dei berga,« sa han, »og daa er det liten mun i ferdi vaar; det er ikkje visst kvar mennerne vaare er heller.« Ingolv kasta seg av hesten og sprang burt i ei bergskor tett attmed og fekk i tvo hellor; den eine sette han fram paa brjostet og den andre millom akslerne, og so batt han deim fast. Han hadde sverdet Ættartange i handi, og gjekk dermed burt aat sætri. Det var tvo dører paa sæterhuset. Folk segjer at Ingolv hadde berre ein mann med seg. Kamraten hans meinte at dei maatte tala aat mennerne deira. Ingolv sa han vilde passa sæterdøri, med den andre gjekk etter mennerne; men kamraten vilde ikkje gaa; »du hev ikkje for mange med deg, tykkjer eg,« sa han. Ingolv vilde straks gaa inn og taka paa deim og bad den andre fylgja modigt etter seg. Tjuvarne sette inn paa honom med det same han kom inn; men hellorne, han hadde, livde honom, so hoggi ikkje beit paa. Dei sette daa aat honom fraa alle leider; men han tok modigt fraa seg. Daa svinga Ingolv Ættartange, so sverdet raaka den som stod bak honom i hovudet og gav honom banesaar, og den som stod framanfor honom, hogg han òg i hel; soleis drap han baae med eitt hogg. Det vart ein hard strid, og han enda med det at Ingolv drap fem mann; men kamraten hans fall. Dei var daa komne ut or sæterhuset, og Ingolv hadde faatt

mange saar. No kom mennerne hans; men tjuvarne smatt undan. Dei tok tjuvgodset og la det paa hestarne sine og fór nordetter.

Ingolv vart liggjande sjuk av saari sine den vinteren, endaa dei grodde att aa kalla; men um vaaren daa det vart varmt i vêret, braut alle saari upp att, so han fekk dauden sin av dette. Fyrr Ingolv døydde, bad han at dei skulde grava ned honom i eit anna holt enn det der frendarne hans laag, »so vilde vatsdalsgjentorne lettare koma i hug honom naar han var so nær vegen,« sa han. Dermed døydde han. Der han vart jorda, heiter det Ingolvsholtet. Det var stor sorg millom folk etter Ingolv. Han livde tolv aar etter far sin og var ein velvyrd mann. Ottar gifte burt Valgjerd, dotter si, aat ein mann fraa Stavholt. Daa Ingolv var daaen, var det hovdinglaust i Vatsdal, for sønerne hans Ingolv var ikkje so gamle enno at dei kunde taka med gòdordet. Dei samraadde no um korleis dei skulde gjera det. I den tidi var lovi soleis, at solenge ervingarne var umynduge skulde den av tingmennerne som maata best, styra gòdordet.

XLII.

Torkjell Kravla Torgrimsson var baade stor og sterk; han var tolv aar daa dette hende. Torgrim vilde ikkje vera ved at han var far hans, endaa han var mykje modigare enn rette sønerne hans. Torkjell Silvre fraa Helgavatn var ein stor berserk og trollkunnig; han var rik paa gods og ikkje venesæl; ille lika var han av folk flest, endaa han var ein gjæv kar.

Same dagen som møtet um gòdordet skulde vera paa Karnsaa, sa kona hans Torkjell Silvre:

»Kva hev du tenkt aa gjera i dag?« »Fara til møtet,« svara Torkjell, »so er eg gòdordsmann naar eg kjem heimatt i kveld.« »Eg vil ikkje at du skulde fara, dersom du tenkjer aa verta yvermann yver vatsdølerne,« segjer ho, »ikkje er det so laga, og ikkje duger du til det.« »I andre ting skal du faa raada, men ikkje i dette,« svara han. Klakka-Orm tenkte seg òg til dette møtet, like eins Torgrim fra Karnsaa, dotterson hans Ingemund. Dei tykte Torgrim høvde best, for di han var skyld med vatsdølerne; men det var mange som tykte dei høvde, og so skulde dei daa kasta lut. Det var fastsett at møtet skulde vera i siste vintermaanaden hjaa Klakka-Orm i Forsøludal.

Natti fyre møtet drøymde Torkjell Silvre og sa Signy kona si at han tykte han reid ned etter Vatsdal paa ein raud hest som mest ikkje naadde ned paa jordi, »og det tyder eg so, at det er ljose voner og at det skal verta til æra.« Signy meinte at det var ein vond draum, og at ho vilde tyda han paa ein annan maate. »Hesten heiter Mar,« sa ho, »og Mar er eit vardyvle, og raudt tyder blod; det kann vera at du vert drepen paa møtet, um du vil vinna gòdordet, for det er nok av deim som vil ovundast paa deg for det.« Torkjell lést som han ikkje høyrde; han gjorde seg ferdig til aa fara og fann til fine klæde og vaapen, — for han var svært glad i stas —, og kom so til møtet i siste laget.

Torgrim var komen tidleg um dagen og sat i høgsætet hjaa Orm. Han vilde aldri staa til at han var far hans Torkjell Kravla. Guten fór enno paa golvet og leika seg med dei andre borni; det var ein stor og sterk gut og overlag fager. Han vart staaande framfor Torgrim og stirde lenge paa honom og paa øksi han hadde i handi. Torgrim spurde kvifor denne trælkvende-

sonen stod og stirde so paa honom. Torkjell svara at det kunde ikkje vera for godt aa sjaa paa honom. Torgrim spurde: »Kva vil du gjera, Kravla, for at eg skal gjeva deg denne øksi, som eg ser du tykkjer um, og so staa til at eg er far din?« Torkjell bad honom sjølv segja for det. Torgrim sa: »Du skal setja øksi i hovudet paa Silvre, so han aldri fær gòdordet aat vatsdølerne; daa vil eg segja ein kann sjaa at du høyrer Vatsdøl-ætti til.« Torkjell lova aa gjera det. Torgrim gav honom no den raadi at han berre skulde driva paa aa leika seg med dei andre gutarne. Silvre sat jamnast og sette handi under kinni og la foten yver kneet. Torkjell skulde laupa ut i søyla og so inn att og koma burtpaa klædi hans Silvre og sjaa um han vart vond. Mennerne tala no um gòdordet; men vart ikkje samde, for kvar vilde hjelpa seg sjølv. So kasta dei lut, og luten hans Silvre kom jamleg upp, av di han var trollkunnig. Torgrim gjekk daa fram og møtte Torkjell Kravla i døri hjaa gutarne. Torgrim sa daa: »No vil eg at du betalar øksi.« Torkjell sa: »Øksi er eg svært huga paa, og betala ho skal eg; men eg hev no ingi slik vara som du vil ha.« »Eg kann taka anna enn varor òg,« svara Torgrim. Torkjell sa: »Vil du at eg no skal drepa Silvre?« »Ja,« svara Torgrim. No hadde gòdordet nettupp falle paa Silvre. Torkjell Kravla kom inn i stova og gjekk burt aat Silvre og kom attpaa foten hans Silvre; han fløygde honom fraa seg og kalla honom trælkvende-son. Torkjell sprang upp i sætet attmed honom og køyrde øksi i hovudet paa honom, so Torkjell Silvre laag der daud med ein gong. Han hadde ikkje gjort for mykje for aa vinna øksi, meinte Torkjell Kravla. Guten hadde vore uppstæld, sa Torgrim, og so hadde han ikkje styrt seg. »Denne

guten hev no paa ein maate synt at han er av Vatsdøl-ætti, og eg gaar ved at eg er far din,« sa han. — Sidan tok Torgrim gòdordet og vart kalla Karnsaagòden. Det vart gjort forlik um draapet paa Silvre, for sønerne hans var unge. Torkjell fór heim til Karnsaa med far sin. Han spurde um han fekk fara utanlands og sjaa kor det gjekk um han raaka Sigurd jarl Lodveson, frenden sin. Torgrim lova at han skulde faa kva han vilde.

XLIII.

Bjørn heitte ein austmann; han laag med eit skip, ferdig til aa setja til havs. Med honom fór Torkjell Kravla, og dei kom til Orknøyarne. Sigurd heitte han som den gongen var jarl yver øyarne. Bjørn var kjend med jarlen og prøvde aa faa jarlen til aa taka mot seg og Torkjell; han sa at Torkjell var av godt folk, ein hæv mann og framanfor dei fleiste islendingarne. Jarlen lova at han skulde taka mot deim og spurde etter ætti hans Torkjell. Han fekk vita det og tenkte seg no litt um; men sidan tok han mot deim. Jarlsmennerne tykte Torkjell var noko einvis; aldri gjekk han or romet sitt, utan jarlen gjekk, og fylgde gjerne honom. Ein gong um vaaren gjekk hirdi ut or halli og skulde leika seg, og jarlen sat att med nokre faa menner. »Det er ikkje mange som er so støduge som du, Torkjell, som ikkje vil vera med i leiken,« sa jarlen; »men kva hev du aa fortelja um ætti di?« Torkjell fortalde um ætti si. Jarlen ser upp og segjer: »Daa er me skyldfolk! du er sein til aa fortelja slikt.« Jarlen sette no Torkjell høgre enn fyrr. Sumaren etter fór jarlen i viking og spurde Tor-

kjell um han vilde vera med. Naar jarlen vilde, so vilde han òg. Dei herja vidt um sumaren. Ein gong dei hadde gjort landgang i Skotland og kom ned aat skipi att, spurde jarlen kor mange mann dei sakna. Dei saag aat, og den einaste dei sakna var Torkjell; han hadde vore paa skipet aat jarlen. Det var ingen skade, meinte folk, so sein som han var av seg. Jarlen sa at dei skulde i veg og leita etter honom, og so var gjort. Dei fann Torkjell burti ei glenna i skogen attmed ei eik. Tvo mann sette aat honom, og fire laag daude attmed honom; fiendarne hans flydde med det same jarlsmennerne kom. Jarlen spurde honom kvifor han vart att. Torkjell svara: »Eg hev høyrt de hev sagt at ein skulde renna fraa skipi og upp paa land, men aldri at ein skulde renna fraa kvarandre og ned aat skipi.« »Du segjer sant, frende,« segjer jarlen, »so skal det òg vera heretter; ingen som renner fraa merket og ned aat sjøen, fær vera med i lutkastingi.« Jarlen spurde um det var av landsmennerne som laag daude attmed honom, eller um det var av hans folk. Det var av landsmennerne, sa Torkjell. Han fortalte at han hadde gaatt attmed ei borg; med det same datt det nokre steinar ut or muren, og der hadde han funne ikkje so lite pengar; dette hadde borgmennerne sét og sett etter honom, soleis var det han hadde kome upp i den striden dei saag. Jarlen tala daa um kor djerv han hadde vore; sidan spurde han kor mykje pengar det var. Det var 20 mark sylv, svara Torkjell. Jarlen sa daa at Torkjell skulde ha dei pengarne for seg sjølv; men Torkjell sa at jarlen skulde ha deim, og like eins alt som fall paa honom. Jarlen sa daa at dei skulde eiga deim baae, og desse pengarne vart ikkje med i lutkastingi. Torkjell fekk mykje

lovord av jarlen for denne ferdi. Han var med jarlen i tvo vintrar; daa fekk Torkjell hug til aa fara til Island og fortalde jarlen det. »Eg vonar at frendarne dine fær æra av deg,« sa jarlen, og han gjekk i tenesta aat jarlen. Jarlen gav honom ei øks, innlagd med gull, og gode klæde, og sa han skulde vera hans ven. Han gav honom òg eit handelsskip og sa han kunde faa velja dei varor han vilde. Ein gullring som vog ei halv mark sende han Torgrim, so Nereid skulde verta fri, og Nereid fekk ein heil kvendebunad for frendskap skuld. Sidan sette Torkjell til havs; det gjekk honom vel paa ferdi, og han kom til Hunavatsosen. Torgrim Karnsaagòde reid ned aat skipet og tok vel imot son sin og baud honom heim, og det tok Torkjell mot. Torgrim gav Nereid fri, so som jarlen hadde bede um. Ei stund etter dette vart Torgrim sjuk og døydde, og rette sønerne hans tok all arven etter lovi. Tororm var bror hans Klakka-Orm, farbror aat Torgrim, far hans Torkjell. Tororm fór til Torkjell og baud honom til seg, og det tok han imot. Torkjell var ein snild og godlynd mann.

XLIV.

Torgils heitte ein mann som budde ved Svinavatnet. Han hadde fire søner med kona si; Torvald og Orm heitte tvo av deim. Brorson hans Torgils heitte Gløder, og han var systerson hans Gudmund den rike paa Modruvollarne. Gloder var en svært storfelt kar, snakksam og uvitug og ein retteleg gap.

Torvald og Torgils, far hans, fór til Klakka-Orm og skulde fri aat Sigrid, dotter hans. Dei fekk ja, og det vart fastsett at brudlaupet skulde

vera vinternattsleitet i Forsøludal. Det var lite folk heime og mykje arbeid; dei skulde leita sauer og svin paa fjellet, og mangt anna hadde dei aa gjera. Torkjell baud seg til aa fara med arbeidsfolket til fjells, og Orm vilde gjerne det. Sidan drog dei i veg; men det gjekk seint med leitingi, for feet var skyrt; ingen dreiv paa hardare enn Torkjell. Det saag ut til aa vera verst aa faa i svini; men Torkjell sparde seg ikkje og baud jamleg til aa gjera det som dei andre tykte var verst. Daa dei skulde faa seg mat, undrast Torkjell paa um det ikkje var best at dei saag seg ut ein gris. Det tykte dei andre òg; Torkjell tok ein gris, og ingen var meir hjelpsam med matlagingi enn han. Dermed fór dei heim,

Aavald Ingjaldsson heitte ein mann som var hjaa Klakka-Orm; han var raadsdreng, og Hild kona hans stod for i huset; ho var dotter hans Øyvind Sorkve. Ei stund fyrr brudlaupet skulde vera, kom Gløder austan fraa Fjordarne og fekk no høyra um dette giftarmaalet. Gløder sa han hadde spurt ei onnor tidend òg, at Torkjell Kravla hadde vore til fjells og at dei hadde teke honom til svinegjætar, og det kunde no høva for ein trælkvendeson, meinte han; han hadde drepe ein gris som natti fyrr hadde soge spenen, sa han, og lege attmed galten, for han fraus som ein annan hund. Torgils sa: »Det er toskut av deg aa fara med slik spøk; dei segjer at Torkjell hev fare sømeleg aat baade der og andre stader.« »Eg tykkjer han hev fare aat som ein stakar,« segjer Gløder.

No kom folk til brudlaups. Torkjell segjer daa aat Orm, fosterfar sin: »Eg skal taka paa meg det strævet aa taka mot gjesterne og hjelpa deim til-

---

Etter Landnaamsboki var Hild dotter aat Hermund, son hans Øyvind Sorkve.

rettes.« Orm vilde gjerne det, og Torkjell stelte no med gjesterne so vel som nokon kunde gjera det. Orm og mennerne hans sat i lægste høgsætesbenken. Torkjell gjekk ikring og var so svært tenestviljug og hjelpsam. Dei fraa Svinadal log mykje aat honom og sa det var svært til stor kar det hadde vorte av trælkvendesonen. Torkjell svara at det sømde seg betre aa løna beinleikarne med trøyte og skjemt enn med spott og fantord. Gløder sa han hadde gjort mange storverk, »og du kann no vera retteleg kar av det at du drap denne grisen her nyst, som hadde soge ei natt; det var no eit karsverk av deg.« Torkjell svara: »Det er ikkje mange storverk eg hev gjort, Gløder, men eg hev no alltid gjort fleire enn du, so du kann gjerne tegja.« Gløder log aat Torkjell so Torvald høyrde det, og sa at han var framifraa i matlaging. Torvald meinte at Gløder var uvitug til aa tala.

Daa kvelden kom, gjekk dei til sengs. Um morgonen gjekk Torkjell burt i eit uthus og kveste øksi han hadde faatt av jarlen og gjekk so inn i forstova. Der stod Gløder og vaska seg. Daa gjekk nokre folk framum med kjøttrog. Gløder segjer aat Torkjell: »Denne morgonen hev du vel havt mykje aa gjera med hushaldet; no skal me kjenna grisen hans; set no fram det feitaste aat oss kamratarne; det høver trælkvendesonen.« »Det gaar ikkje godt an aa skifta ut hovudet fyrst og velja or stykki aat deg,« sa Torkjell, »og du er no vel ikkje so graadig at me ikkje skulde faa metta upp deg.« Dette var siste gjestebodsdagen. Torgils spurde um dagverden var ferdig. Torkjell svara at dei skulde faa han so snart dei hadde koka, og det skulde ikkje staa paa lenge. Dermed gjekk han ut døri aat arbeidsfolket og inn ei onnor dør og tok øksi si og stod attmed

døri. Og daa Gløder gjekk ut, gjekk Torkjell etter honom og hogg øksi i hovudet paa honom, so han døydde med det same. Dermed sprang Torkjell til norddøri, for dei andre var attmed søre døri. Det var no framsett mat allstad inni huset. Torgils var mannsterk; mennerne hans sprang gjenom huset og vilde gripa Torkjell; dei tenkte at han ikkje skulde koma ut. Torkjell rende kring benkjerne. Kring huset var der utskot og sengkovar, og fraa ein sengkove kunde ein koma ut i eit skot. Han skunda seg dit der kvinnorne sat og sette paa seg skauti og kom burt aat Hild. Ho spurde kvifor han fór so fort. Torkjell fortalde kva som stod paa. Ho bad honom fara ut i skotet attmed seg, og dit kom han seg. Torgils sa: »Lat oss sjaa dit der kvinnfolki er, for eg tykte mannen fór dit.« Hild tok ei øks i handi og sa at ikkje ein av deim skulde taka ho fraa henne. Torgils trudde at Torkjell maatte vera der, og bad deim kasta klæde yver deim; det vart gjort; men dei fann honom ikkje. Torgils forstod no at dette berre var eit paafunn til aa hefta deim; dermed fór dei ut, og daa dei kom ut, tykte dei dei saag ein kar nede ved elvi. Torgils bad deim sjaa etter der; det vart gjort; men han fanst ikkje. Torkjell visste at det var ei hola nede ved elvi, og der gøymde han seg; hola heiter no Kravla-hola. Tororm og Klakka-Orm prøvde no aa faa forlik; men Torgils vilde ingi bøter taka; dei gjorde no ikkje um att giftarmaalet, men hemn skulde det vera for draapet paa Gløder. Tororm fylgde brudlaupsfolket or garden; han prøver aa skulde faa forlik; men det var ingi raad, og med det skildest dei.

Den vinteren var Torkjell hjaa brørne sine paa Karnsaa og hjaa andre frendar til skiftes, for alle vilde hjelpa honom og meinte det var godt

um han kunde faa nokor magt i bygdi, so ikkje utbygds folk skulde koma og setja seg ned og faa raadevelde yver deim. Vatsdølerne søkte hjelp aat honom hjaa spaakvinna Tordis, som budde paa Spaakonufjellet. Det var eit namngjete kvinnfolk som forstod seg paa noko av kvart. Dei bad henne um hjelp i saki hans Torkjell og sa at det vilde vera svært godt um ho kunde gjeva ei raad, og det lova ho. Torgils fór til Gudmund rike og sa at han var næmast til aa vera ettermaalsmannen aat frenden sin og lova aa hjelpa til sjølv òg. Gudmund meinte at denne saki ikkje var so lett; det kunde verta ein stor mann av Torkjell, sa han, og mange frendar hadde han som hjelpte honom, »og etter som folk segjer, so hadde no Torkjell litt grunn for det han gjorde. Reis no du saki, so skal eg taka mot ho paa tinget i sumar.«

Um vaaren fekk Torgils saki fram paa altinget. Vatsdølerne kom mannsterke, og like eins motparten. Torgils reid til tings med ein heil flokk, og Torkjell kom òg ridande i lag med frendarne sine. Dei hadde Tordis spaakvinna med seg, og dei tok inn i same budi som ho og mennerne hennar. Gudmund kom no fram med saki. Vatsdølerne baud forlik, men Gudmund og hans folk kravde landlysing. Tororm gjekk til Tordis og samraadde seg med henne, for ho var svært vitug og framsynt, og dei brukte aa taka henne til aa skilja i store saker. Ho sa daa: »Lat Torkjell koma hit aat budi mi, so skal me sjaa kva me kann gjera.« Torkjell kom, og Tordis sa aat Tororm: »Gaa og bjod Gudmund forlik og bed honom gjeva saki i mitt vald.« Torkjell gav Tordis tvo hundrad i sylv. Tororm baud til at

---

rike ɔ: den megtige.

Tordis skulde døma i saki; men Gudmund negta og vilde heller ikkje taka mot pengebot. Tordis sa: »Eg trur ikkje at Gudmund kann valda meg nokon vande.« Sidan sa ho aat Torkjell: «Tak no paa deg den svarte kappa mi, og tak denne staven som heiter Hognud i handi di; torer du so gaa burt i flokken hans Gudmund?« Han torde nok naar ho vilde det, svara Torkjell. »Lat oss no prøva,» sa ho, »no skal du gaa burt aat Gudmund og slaa honom tri gonger med staven paa vinstre kinni; du ser meg ikkje so braafeig ut, og eg vonar at dette skal hjelpa.« Han gjekk burt i flokken hans Gudmund, og ingen saag honom. Han kom burt aat Gudmund og fekk fullført det han var beden um. No vart det ikkje gjort meir med denne saki. Torgils sa: »Kvifor held de ikkje fram med saki?« Gudmund svara at no skulde dei snart verta ferdige med saki; men det vart ikkje til meir, og tidi gjekk, so dei kunde ikkje fremja saki lenger. Tordis gjekk til vatsdølerne og bad deim no gaa fram for retten og bjoda pengebøter for mannen; kanskje dei no kunde taka imot, og saki med det faa ein ende. Dei gjorde so, gjekk fram for retten burt aat Gudmund og baud forlik og pengebøter. Gudmund svara: »Eg veit ikkje kva de vil bjoda; men i denne saki maa me no merka oss det at han som vart drepen valda draapet sjølv, slik munn som han brukte.« Dei sa at dei for hans skuld vilde gjeva høvelege bøter og bad honom sjølv segja fraa. Han skyna korleis saki stod, og at dei ikkje kunde føra ho fram paa lovleg maate, og difor tok han mot sjølvdom[1]) av Tororm og skulde so avgjera kor store bøter det skulde vera; men landlysing skulde det ikkje vera. Dei gav no kvarandre handi paa

[1]) rett til aa døma i saki sjølv.

dette, og dermed var saki avgjord. Daa sende Tordis Torkjell ein gong til burt aat Gudmund; han skulde koma burtpaa høgre kinni hans med staven. Torkjell gjorde so, og Gudmund fekk att minnet sitt, og han tykte det var underlegt at det hadde vore burte for honom. Gudmund sette fast eit hundrad i sylv i bøter for draapet paa Gløder, og motsøksmaal skulde falla burt. Tororm og Tordis betala alt sylvet, og dernæst skildest dei forlikte. Torkjell fylgde Tordis heim til Spaakonufjellet. Tordis sa aat Gudmund: »Korleis var det at hugen din skifte so braadt i denne saki idag?« Gudmund svara: »Eg fekk ikkje fram ordet; det var soleis det gjekk so traatt, og kann henda var det nokon med større magt med i laget òg.« Dei fór ho heim fraa tinget.

XLV.

Vatsdølerne gjorde mykje for aa hjelpa Torkjell Kravla fram i alle maatar. Dei skaffa honom gifte, og gòdordet fekk han, for Ingolvssønerne Surt og Hogne var daa elleve aar den eine og femtan den andre, og dei fekk ingi stadfesting paa retten sin av Torkjell. Hovseigedomarne vart kjøpte aat Torkjell, og han vart no hovding yver vatsdølerne. Folket hans Ottar spreiddest nord i bygderne og vart no lite sætt.

Hallfred[1]) og Galte og fleire av borni hans Ottar fór nordetter. Hallfred kom ofte til Skjegg-Aavalde og tala med dotter hans, ei som heitte Kolfinna. Med henne vart Gris Sæmingsson gift; men likevel gjekk det ord um henne og Hallfred, so som det er fortalt i soga hans. Hallfred var

---

[1]) Vandraadeskald.

farmann, og ein gong han kom heim fraa reis, og Gris var paa tinget, strauk han til sæters, der Kolfinna var, og laag hjaa henne. Daa Gris fekk vita det, vart han sint; men Hallfred reiste burt att um sumaren.

Paa eit heradsting i Vatsdal var det mykje folk, og mennerne tjelda buder, for tinget skulde vara tvo dagar. Torkjell hadde største budi og var mannsterkast. Skjegg-Aavalde og Hermund, son hans, hadde bud i hop. Daa Galte Ottarsson hadde vore ut eit ærend, møtte han Hermund; han mintest kva Hallfred hadde gjort seg skyldig i og rende paa Galte og drap honom, og fór so burt i budi til far sin. Daa Torkjell fekk høyra um draapet, sprang han upp med folket sitt og vilde taka hemn. Hild, mor hans Hermund, stod i døri. »Det er ikkje verdt aa fara so fort, Torkjell,« segjer ho, »du tenkte vel ikkje det den gongen me raakast at du skulde drepa son min midt for augo paa meg.« Torkjell sa: »Det hev no hendt meir enn me den gongen trudde; gaa ut or budi, so slepp du sjaa son din drepen for augo paa deg.« Men ho forstod greidt at han tala so for aa hjelpa sonen; ho tykte han var snartenkt, og at det var eit hævt paafunn. Dermed tok ho av seg hovudbunaden og sette paa sonen; sjølv sette ho seg paa romet hans, so det ikkje skulde gaa ut fleire kvinnfolk enn dei venta. Torkjell skunda paa deim og sa dei ikkje skulde staa der; »kona hev sorg nok likevel, um ho ikkje skal sjaa son sin verta drepen eller høyra honom.« Dei vilde no straks renna inn og drepa Hermund. Torkjell stelte seg daa i buddøri og sa: »Lat oss tenkja paa kva som sømer seg for oss, og ikkje drepa ein av bygdemennerne og tingmennerne vaare; lat oss heller gjera forlik.« Det vart no tala um forlik, og dei vart daa forlikte soleis at

baae partar var fornøgde, og det vart betala so store bøter som dei tykte kunde vera høvelege. Soleis fekk Torkjell greidt denne saki, so alle vart fornøgde. I alle saker i heradet vilde dei ha Torkjell til aa døma, og han tykte dei var den likaste av Vatsdalsætti, næst etter Torstein Ingemundsson.

XLVI.

I denne tidi paalag kom bisp Fredrik og Torvald Kodransson, Vidforle dei kalla, ut til Island. Straks etter kom det eit anna skip ut; paa det var det tvo berserkar, og Hauk heitte dei baae. Dei vart ille lika, for dei var leide etter kvinnfolki, vilde ha gods, eller ogso baud folk holmgang. Dei ylte som hundar og beit i skjoldkantarne og gjekk berrføtte gjenom brennande eld. Bispen og Torvald fór med den nye trui, og vilde at folk skulde taka med den i staden for den trui dei fyrr hadde havt. Fyrste vinteren var dei paa Giljaa; men folk var rædde desse nye skikkarne dei fór med. Kodran og kona hans var av dei fyrste som tok med trui og vart døypte. Olav paa Haukagil var so gamall at han laag til sengs og drakk or eit horn. Um hausten i vinternattstidi baud Olav venerne sine heim til seg; det var no serleg Torkjell, maagen hans. Bispen og Torvald var der òg. Torkjell tok berre godt imot deim og lét deim vera i eit hus for seg sjølve, for di dei hadde ei onnor tru. Fyrste kvelden i gjestebodet saag dei berserkarne kom, og folk var fælt ille med deim. Torkjell spurde bispen um han visste nokor raad, so dei kunde faa livet av berserkarne. Bispen bad deim taka med trui og lata seg døypa, so skulde han nok hjelpa deim aa verta av med desse illgjerningsmennerne. »Det kann me gjera, dersom De vil syna mennerne

nokor jarteign,« sa Torkjell. Bispen bad deim gjera upp tri eldar paa golvet i skaalen, og det vart gjort. Sidan vigde bispen eldarne og sa: »No skal dei djervaste kararne setja seg paa benkjerne med store lurkar, for jarn bit ikkje paa deim, og so slaa ihel deim.« Daa Haukarne kom, gjekk dei inn og gjekk gjenom fyrste og andre elden og brende seg svært. Dei vart rædde hiten og vilde straks fram aat benkjerne. Dei vart no ihel-slegne og førde upp aat den bergklufti som sidan heiter Haukagil. Etter avtalen meinte no bispen at Torkjell skulde taka med trui og lata seg døypa. Torkjell svara at han ikkje vilde ha onnor tru enn den Torstein Ingemundsson og Tore fosterfar hans hadde, og dei trudde paa den som hadde skapt soli og raadde for alle ting. Biskopen sa at det var same trui han kunngjorde; dei skulde tru paa ein gud, fader, son og heilag ande, og døypa seg i vatn i namnet hans. Torkjell tykte det var underlegast dette at han skulde vaska seg i vatn; han vilde ikkje ein gong gaa med paa denne skikken, endaa han trudde at den nye trui kunde vera god og vinna inngang. »Olav bonde, verfar min, er gamall; han kann taka med denne trui, og alle andre som vil det; men eg vil bia ei stund enno,« sa han. Sidan vart Olav døypt og døydde i dei kvite klædi, og endaa var det fleire av mennerne i dette gjestebodet som vart døypte. Torkjell og alle vatsdølerne vart døypte den gongen kristendomen vart lovteken paa Island. Torkjell var ein stor hovding. Han fekk bygd ei kyrkja paa garden sin og heldt kristentrui si vel.

XLVII.

Det budde tvo brør, Fostolv og Trottolv, paa Engelid i Langadal; dei var mykje for seg baae

tvo. Dei hjelpte ein mann som dei vilde ha løynd medan dei fór til tings paa Kjøl framanfor Røykjavollarne og fekk avgjort saki hans der. Det var tvo andre brør som budde paa Moberg i Langadal; dei heitte Hunrod og Ulvheden og var sønerne hans Vefred Ævarsson den gamle. Ulvheden var best lika av desse brørne. Ein mann dei kalla Torolv leikgòde var med brørne. Ulvheden var gode vener med Holmgangs-Starre, og folk segjer at den gongen Torarin ille baud honom holmgang, daa fór Ulvheden med honom til holmgangsstemna. Paa den ferdi vart dei ute for eit styggvêr som dei trudde var noko slag trolldom med. Ein raring som heitte Baard var i fylgje med deim; dei bad honom stansa styggvêret, for han var trollkunnig. Han bad deim taka i henderne paa kvarandre og slaa ein ring. Sidan gjekk han rangsøles tri gonger og sa nokre irske ord, som dei skulde segja ja aat. Dei gjorde so. Daa svinga han ein duk mot fjellet, og dermed gav vêret seg.

Trottolv og Fostolv for no til tings, som fyrr er sagt, og mannen dei skulde hjelpa, var medan i Tjovadal; han venta at det skulde verta mindre pengar aa leggja ut naar han ikkje sjølv var med. Hunrod og Torolv Leikgòde reid òg til tings. Ikkje langt fraa Røykjavollarne rende hestarne fraa deim; dei leitte, men fann deim ikkje. Daa vart dei var ein mann tett attmed deim; dei tenkte det kunde vera ein illgjerningsmann, og at han kunde ha teke hestarne. Dei spurde seg ikkje for, men rende straks paa honom og drap honom. Sidan reid dei til tings og fortalde brørne Trottolv og Fostolv dette. Dei vart vonde for dette og kravde bøter; dei sa dei hadde faatt forlik og fred i stand med frendarne aat honom som var drepen, og sidan lagt ut bøter for honom. Hunrod meinte

at det var andre pengebøter som skulde ha vore utreidde, og dermed reid dei fraa tinget. Brørne kjøpte jord i Kolkumyrarne, der som det heiter Holt. Torfinn heitte ein mann som budde paa Breidabolstad i Vatsdal; han var frenden deira. Han skulde ei ferd ut til Skagastrand, og det bar so til at Ulvheden skulde dit ut òg, og med honom var Torolv Leikgòde. Daa dei kom til Breidavad ved Blanda-elvi, kom Torfinn og brørne Fostolv og Trottolv ridande eit stykke etter. Fostolv sa at det var bra at dei raaka Ulvheden, »for han drap mannen vaar i sumar, og no skal me setja etter.« Torfinn sa han vilde ikkje vera med og gav seg att. Dermed sette brørne etter det foraste dei kunde. Dette ser Torolv Leikgòde. »Me maa skunda oss aa rida undan, brørne kjem etter oss,« sa han. »Nei,« sa Uldheden, »det gjer eg ikkje; daa segjer dei at eg renner undan.« Torolv sette ut i elvi; men brørne vann paa Ulvheden, so han vart liggjande att der. Sidan reid brørne attende og fortalde Torfinn kva som var hendt; men han sa at det var ille gjort mot ein bra kar; dermed fór han heim til Vatsdal. Ulvheden hadde faatt ulivssaar. Hunrod, bror hans, fór etter honom og fekk honom med seg heim, og Ulvheden bad bror sin gjera forlik i denne saki naar han var daaen; han trudde ikkje det var so laga at det skulde vera nokon hemn, »for eg minnest no,« sa han, »fyrre ferdi, og eg veit ikkje nokon fekk sottdauden av deim som var med i den ferdi.« Sidan døydde Ulvheden; men Hunrod brydde seg ikkje um forlik og hadde saki fram paa altinget. Torfinn baud forlik og bøter; men Hunrod sa han vilde ikkje gjeva seg utan dei vart landlyste; soleis gjekk det òg, og dermed reid dei heim fraa tinget.

Brørne gjorde ein stor skans paa Holt paa Kolkumyrarne, og det vart ikkje lett for Hunrod

aa taka paa deim. Skum heitte ein frigjeven træl; han hadde samla seg pengar og hadde vorte ein rik mann; men Hunrod øydde burt pengarne for honom. Skum drog ut og kom til Norig og fór nord til Trondheim. Han gav seg til der og fekk i mykje pengar og vart rik andre gongen. Hunrod øydde burt alle pengarne sine, og like eins alle deim som Skum hadde aatt, so han vart mest utarma. Han fór til Torkjell Vatsdalsgòde og fortalde honom naudi si. Torkjell sa: »Det var gale av deg at du ikkje tok mot bøter etter bror din, naar han sa det aat deg at det var ikkje noko anna aa gjera for deg; no hev du korkje pengar eller hemn; men naar du no er komen hit til meg og bed meg um raad, so skal eg fara med deg og hjelpa deg so du kann faa forlik.« Sidan reiste Torkjell til brørne og spurde um dei vilde forlikast med Hunrod, um det lét seg gjera. Dei vilde naudleg det, og sa det var ikkje noko likare aa gjera forlik aat honom no, enn den gongen dei baud honom forlik. Torkjell sa: »No skal de gjera eitt, forlikast eller fara utanlands, som sagt var; onnor raad veit eg ikkje aa gjeva dykk.« Dei svara at ein maatte høyra etter det han sa, og dei vilde aller minst ha honom mot seg. Dei fór no fraa Island og kom til Trondheim. Daa sa Trottolv: »Det maatar seg ikkje at ein so gild kar som Hunrod skal vera fatig, og det mest for vaar skuld, og Skum trælen hans skal vera rik som Njord[1]).« Dei fór no i veg og drap Skum og tok pengarne hans og sende til Hunrod. Ei stund etter fór Trottolv til Island; han strauk til Torkjell Kravla og bad honom hjelpa til so dei kunde faa forlik med Hunrod. Det lova Torkjell, og han fór til Hunrod, og med sin klokskap

---

[1]) guden Njord skulde vera rik.

og gode vilje fekk han til eit forlik, so baae partarne var vel nøgde med avgjerdi hans.

Torkjell vart ein gamall mann, og daa han laag paa det siste, kalla han til seg venerne sine, frendar og tingmenner. »Eg vil kunngjera dykk,« sa han, »at eg hev faatt ein sjukdom som truleg vil gjera det av med samværet vaart. De hev vore lyduge og hev lite paa meg og fylgt mine raader.« Sidan ynskte han frendar og gode vener alt godt. Torkjell budde seg paa sømeleg og kristeleg vis til dauden, for han var ein god kristen og heldt trui si vel. Straks etter gav han upp anden, og det vart stor sorg millom tingmennerne og alt bygdefolket, for dei tykte, som sant var, at han var ein gild hovding og ein mann som hadde lukka med seg; han var mest lik dei fyrre vatsdølerne, slike som Torstein og Ingemund; men i eitt var Torkjell likare enn dei: han var ein rett-truande mann og elska den sanne gud meir enn alt anna.

Og her endar me soga um vatsdølerne.

Torkjell Kravla døydde ikring aar 1008.



Gamalnorske bokverk

utgjevne av

det norske samlaget

(landsmaals-laget).

---

1. **Soga um Volsungarne,** gamalnorsk grunntekst o nynorsk umsetjing ved *Torleiv Hannaas.* 18 sidor. 60 øyre.
2. **Soga um Eirik raude,** gamalnorsk grunntekst c nynorsk umsetjing ved *S. Eskeland.* 62 sido 25 øyre.
3. **Laksdøla** eller soga um laksdølerne, fraa gama norsk ved *Stefan Frich.* Ny og umvølt utgaav 192 sidor. 90 øyre.
4. **Soga um Ramnkjell Frøys-gòde,** gamalnorsk grun tekst og nynorsk umsetjing ved *Torleiv Hannaa* 65 sidor. 25 øyre.
5. **Soga um Sigmund Bresteson,** gamalnorsk grun tekst og nynorsk umsetjing ved *Jørgen Reita* 135 sidor. 45 øyre.
6. **Soga um Vatsdølerne,** umsett fraa gamalnorsk ve *Jørgen Reitan.* 107 sidor. 40 øyre